



Kinn kommune

Kommuneplan for Kinn planID 20200002 2025-2035

Føresegner og retningslinjer

Framlegg til offentlig høyring

Handsaming	Politisk organ	Sak	Dato
1. gongs handsaming	Plan-, miljø og næringsutvalet	056/23	21.06.2023
Ny 1. gongs handsaming	Plan- og miljøutvalet	058/25	14.10.2025

Dato	30.06.2023 rev. 26.09.2025
Status	Framlegg
Utarbeidd av	Kinn kommune v/Heidi Dyrøy, Kristian Adolphsen
Kontrollert av	Kinn kommune v/ Janicke Svendal, Martin Sørland Barlla

Innhold

1	INNLEIING	4
1.1	VERKNADER AV PLANEN (PBL. §§ 11-5 OG 11-6)	4
1.2	FORHOLDET TIL EKSISTERANDE PLANAR (PBL. § 1-5)	4
1.3	FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER SI OPPBYGGING OG STRUKTUR	4
2	FELLES FØRESEGNER	5
2.1	PLANKRAV (PBL § 11-9 NR. 1)	5
2.2	UTBYGGINGSAVTALAR (PBL § 11-9 NR. 2)	5
2.3	ENERGI (PBL § 11-9 NR. 3 OG NR. 8)	5
2.4	VASSFORSYNING OG AVLØP (PBL § 11-9 NR. 3)	6
2.5	VEG OG TRANSPORT (PBL § 11-9 NR. 3)	6
2.6	BYGGJEGRENSER OG BYGGJEHØGDER (PBL § 11-9 NR. 5)	7
2.7	UNIVERSELL UTFORMING (PBL § 11-9 NR. 5)	8
2.8	OMSYN TIL BARN OG UNGE SINE INTERESSER (PBL §§ 1-1, 11-9 NR. 5 OG NR. 8)	8
2.9	KRAV TIL UTEOPPHALDSAREAL / LEIKEAREAL (PBL § 11-9 NR. 5)	8
2.10	PARKERING (PBL § 11-9 NR. 5)	10
2.11	RISIKO, SÅRBARHEIT, NATURFARE OG KLIMA (PBL § 11-9 NR. 6)	12
2.12	ESTETIKK, BYFORMING OG ARKITEKTUR (PBL § 11-9 NR. 6 OG 7)	14
2.13	KUNST I OFFENTLEG ROM (PBL § 11-9 NR. 6)	15
2.14	NATUR, LANDSKAP, TERRENG OG GRØNTSTRUKTUR (PBL § 11-9 NR. 6)	15
2.15	STØY	16
2.16	RENOVASJON (PBL § 11-9 NR. 6)	18
2.17	BEVARING AV EKSISTERANDE BYGNINGAR OG KULTURMILJØ (PBL § 11-9 NR. 7)	18
2.18	REKKEFØLGJEKRAV (PBL § 11-9 NR. 4)	18
3	BYGG OG ANLEGG (PBL § 11-7 NR.1)	20
3.1	BEBYGGELSE OG ANLEGG, BA (PBL § 11-7 NR. 1)	20
3.2	BUSTADER, B (PBL § 11-7 NR. 1)	20
3.3	FRITIDSBUSTADER, FB (PBL § 11-7 NR. 1)	26
3.4	SENTRUMSFØREMÅL, SF (PBL § 11-7 NR. 1)	33
3.5	FORRETNING, FOR (PBL § 11-7 NR.1)	35
3.6	KJØPESENTER, KS (PBL § 11-7 NR.1)	35
3.7	OFFENTLEG ELLER PRIVAT TENESTEYTING, T (PBL § 11-7 NR. 1)	36
3.8	FRITIDS- OG TURISTFORMÅL, FTU (PBL § 11-7 NR. 1)	38
3.9	RÅSTOFFUTVINNING, RU (PBL § 11-7 NR. 1)	41
3.10	NÆRINGSBYGG. NÆ (PBL § 11-7 NR. 1)	42
3.11	IDRETTSANLEGG, IDR (PBL § 11-7 NR. 1)	48
3.12	ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG, ABA (PBL § 11-7 NR. 1)	50
3.13	GRAV- OG URNELUNDER, GU (PBL § 11-7 NR. 1)	57
3.14	KOMBINERT BYGGJE- OG ANLEGGFORMÅL, KBA (PBL § 11-7 NR. 1)	59
	SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL§ 11-7NR. 2)	63
3.15	SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR, ST (PBL § 11-7 NR. 2)	63
3.16	HAMN, H (PBL § 11-7 NR. 2)	64
3.17	MOLO, M (PBL § 11-7 NR. 2)	66
3.18	KOLLEKTIVKNUTEPUNKT, KO (PBL § 11-7 NR. 2)	67
3.19	PARKERING, P (PBL § 11-7 NR. 2)	67
3.20	KOMBINERTE FORMÅL FOR SAMFERDSELANLEGG OG/ELLER TEKNISK TRASEAR FOR INFRASTRUKTUR, SK (PBL § 11-7 NR. 2)	68
4	GRØNTSTRUKTUR (PBL § 11-7 NR.3)	69
4.1	NATUROMRÅDE, GN (PBL § 11-7 NR.3)	69
4.2	TURDRAG (PBL § 11-7 NR.3) (PBL § 11-7 NR.3)	69
4.3	FRIOMRÅDE, FRI (PBL § 11-7 NR.3) (PBL § 11-7 NR.3)	69
4.4	KOMBINERTE GRØNNSTRUKTURFORMÅL , GKG (PBL § 11-7 NR.3)	69

5	LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL §11-7 NR.5)	70
5.1	LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSFORMÅL – LNFR (PBL § 11-7 NR.5A)	70
5.2	LNFR- AREAL FOR SPREIDD BUSTAD-, FRITIDS- ELLER NÆRINGSBYGG - LS (PBL § 11-7 NR.5B)	71
6	BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 11-7 NR.6)	80
6.1	BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE, BSV	80
6.2	FERDSEL, FE (PBL § 11-7 NR. 6)	80
6.3	ANKRINGSOMRÅDE, VAO (PBL § 11-7 NR. 6)	80
6.4	FARLEI (PBL § 11-7 NR. 6)	81
6.5	HAMNEOMRÅDE I SJØ, HOS (PBL § 11-7 NR. 6)	81
6.6	SMÅBÅTHAMN SH (PBL § 11-7 NR. 6)	81
6.7	FISKE, FI (PBL § 11-7 NR. 6)	86
6.8	AKVAKULTUR, AKV (PBL § 11-7 NR. 6)	86
6.9	FRILUFTSOMRÅDE, FV (PBL § 11-7 NR. 6)	89
6.10	KOMBINERT FORMÅL SJØ OG VASSDRAG; (PBL § 11-7 NR. 6)	89
7	TURVEGAR	90
8	VEGTRASEAR	90
9	OMSYNSSONER (PBL § 11-8)	90
9.1	SIKRINGSSONE DRIKKEVATN H110 (PBL § 11-8A)	90
9.2	H190-1 OG 2	94
9.3	STØYSONE H210 , H220 (PBL § 11-8A)	94
9.4	RASFARE H310 (PBL § 11-8A)	94
9.5	FLAUMFARE H320 (PBL § 11-8 A)	95
9.6	OMSYNSSONE SKYTEBANE H360 (PBL § 11-8 A)	96
9.7	OMSYNSSONE H390_NEDLAGTE SKYTEBANER	96
9.8	OMSYNSSONE LANDBRUK H510 (PBL § 11-8 C)	96
9.9	OMSYNSSONE FRILUFTSLIV H530 (PBL § 11-8 C)	96
9.10	OMSYN GRØNTSTRUKTUR H540 (PBL § 11-8 C)	96
9.11	OMSYNSSONE LANDSKAP H550 (PBL § 11-8 C)	96
9.12	OMSYNSSONE NATURMILJØ H560 (PBL § 11-8 C)	96
9.13	BEVARING AV KULTURMILJØ H570 (PBL § 11-8 C)	97
9.14	BANDLAGT ETTER NATURVERNLOVA H720 (PBL § 11-8 D)	97
9.15	BANDLAGT ETTER KULTURMINNELOVA H730 (PBL § 11-8 D)	97
9.16	BANDLAGT ETTER ANNA LOVVERK-H740 (PBL § 11-8 D)	97
9.17	KRAV OM FELLES PLANLEGGING, H810 (PBL § 11-8 E)	98
9.18	REGULERINGSPLAN SKAL FRAMLEIS GJELDE H910 (PBL § 11-8 F)	98
9.19	REGULERINGSPLANAR SOM VERT VIDAREFØRT SAMAN MED FØRESEGNENE I KOMMUNEPLANEN	100

1 INNLEIING

1.1 Verknader av planen (pbl. §§ 11-5 og 11-6)

Kommuneplanen viser hovudtrekka i arealdisponeringa, samt rammer, føresetnadar og omsyn ved nye tiltak og ny arealbruk. Kommuneplanen består av plankart, føresegner og planomtale.

Føresegnene til arealdelen er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk. Føresegnene er delt i felles føresegner i kapittel 2 som gjeld for heile planområdet og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremål.

Plankartet er datert 30.06.2023 i målestokk 1:75.000 i Florødelen og 1:50.000 i Måløydelen. Føresegnene er datert 30.06.2023. Ved motstrid mellom plankart og føresegner går plankartet føre.

Planen gjev ikkje rettar i høve særlover. Tiltak som skal gjennomførast i samsvar med planen vil ikkje kunne setjast i gang før det ligg føre løyve etter særlov, jf. kommunen si samordningsplikt i plan- og bygningslova § 21-5.

1.2 Forholdet til eksisterande planar (pbl. § 1-5)

Arealdelen til kommuneplanen med tilhøyrande føresegner gjeld innafør område vist på plankartet.

Godkjende reguleringsplanar som framleis skal gjelde er vist som omsynssoner H910 i plankartet, jf. pbl § 11-8 bokstav f. Desse går også fram av tabellane i punkt 9.18 i føresegnene.

Reguleringsplanar som skal gjelde saman med kommuneplanen går fram av tabellane i punkt 9.19.

1.3 Føresegner og retningslinjer si oppbygging og struktur

Tekst som ligg i grå tekstboks er juridisk bindande føresegner.

Føresegnene er delt i overordna felles føresegner i kap 2 og i føresegner knytt til dei særskilde planformåla i kap 3-7. Felles føresegner gjeld for alle områda innanfor kommuneplanen uavhengig av planformål.

Status N (Eksisterande områder) viser til arealføremål som er tilsvarande/om lag tilsvarande det dei var satt av til i førre plan, og F (framtidige områder) viser til ny arealbruk for områda.

Retningslinjer, som ikkje har juridisk verknad, står utanfor grå tekstboks. Retningslinjene er rettleiande for kommunen si sakshandsaming og kan ikkje brukast som sjølvstendig grunngeving for vedtak.

2 FELLES FØRESEGNER

2.1 Plankrav (pbl § 11-9 nr. 1)

- a) Det vert sett krav om detaljreguleringsplan for gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jf. plan- og bygningslova §12-1. Det betyr at det vil kunne krevjast regulering der det etter kommunen sitt skjønn er snakk om større tiltak som til saman eller kvar for seg vil ha betydning for omgjevnaden. Dette gjeld mellom anna tiltak som:
- rører mange interesser, mellom anna kultur, natur, friluftsliv.
 - har betydning for nasjonal interesse eller nasjonal politikk.
 - har konsekvensar for eller manglar infrastruktur (veg, vatn, avlaup, parkering, avkjøyrsløse) som til dømes behov for ny infrastruktur, eller utbetring av eksisterande infrastruktur.
 - treng nærare dokumentasjon, vurdering og avklaring i høve til føresegner om estetikk, arkitektur og byutvikling.
 - Bygg høgare enn 9 m dersom ikkje anna går fram under dei einskilte arealføremåla.
 - Ved anna utforming/storleik/tal enn det som går fram av tabellane under dei einskilte føremåla i kap3-7 må det utarbeidast detaljreguleringsplan.
- b) For føremål omfatta av omsynssone H810 vert det stilt krav om utarbeiding av felles reguleringsplan jf. plan- og bygningslova §11-8-e. Kva område dette gjeld finn ein i kapittel 9.15.
- c) Ved utarbeiding av nye reguleringsplanar skal det takast omsyn til alle krav i kap 2 Felles føresegner som er relevante for plansaka.
- d) I områder utan naturfare som er delvis utbygd der det er sett krav om detaljreguleringsplan, kan mindre tiltak etter plan- og bygningslova §20-1 bokstav c, §20-4, bokstav a og e og §20-5 oppførast på allereie frådelte og utbygde eigedomar utan detaljregulering.
- e) I områder med naturfare som er delvis utbygd der det er sett krav om detaljreguleringsplan, kan det gjennomførast fasadeendring (plan- og bygningslova § 20-1, bokstav c og §20-5 bokstav f) utan detaljregulering.

2.2 Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr. 2)

Privatrechtslege avtaler eller utbyggingsavtalar kan nyttast for å oppnå tilfredsstillande kvalitet på byggeprosjekt. Dersom anna eigedom vert teke i bruk skal avtalen tinglysast som hefte på denne eigedomen.

2.3 Energi (pbl § 11-9 nr. 3 og nr. 8)

- a) I samband med regulering av byggeområde skal det for planområdet utarbeidast energiutgreiing som gjer greie for valde løysingar for fornybar energiforsyning og lågt energiforbruk. Etablering av nærvarmeanlegg skal vurderast i større bygg og byggeområde. Reguleringsplanar skal ta stilling til spørsmålet om energiløysingar (vassboren varme, solceller osv).
- b) Det kan monterast solceller på tak på nye bygg som ein integrert del av den estetiske og arkitektoniske utforminga. På eksisterande bygg kan solceller monterast på tak dersom det ikkje sterkt reduserer bygget sin arkitektoniske kvalitet.

- c) Ved utforming og organisering av bygg og uteområde skal det leggjast vekt på best mogleg tilpassing med omsyn til byggjegrunn, lys/sol, nedbør og vind. I val av byggemateriale og energiløysingar skal ein leggje vekt på løysingar som gjev låge utslepp på miljø og klima i eit livsløypesperspektiv.
- d) Ved etablering av nye næringsbygg skal det etablerast el-bil lading på parkeringsplass. Talet lade plassar må tilpassast prosjektet og dokumenterast i byggesaka. Dersom det vert oppført 4 eller fleire nye bueiningar samla, skal det etablerast el-bil lading ved alle parkeringsplassane.

Retningslinje:

Der det går kraftleidningar med lågare spenningsnivå gjennom byggjeområde bør jordkabel vurderast i samband med planlegging og utbygging.

2.4 Vassforsyning og avløp (pbl § 11-9 nr. 3)

- a) Krav om VA-rammeplan skal inngå i alle reguleringsplanar. Rammeplanen skal vise prinsipp-løysingar for området, samanheng med overordna system og dimensjonere og vise handtering av overvatn. Der det vert etablert vatn- og avløpsanlegg som skal overtakast av kommunen i etterkant for drift og vedlikehald, skal anlegget planleggast, etablerast og dokumenterast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande normer og krav for kommunale VA-anlegg.
- b) Ved utbygging i områder utan kommunal VA-løysing skal det som hovudregel nyttast felles anlegg for avlaup og overvasshandtering. Det skal veljast avlaupsløysingar som ikkje gjev redusert miljøtilstand i tilgrensande vatn/bekkar. Det kan ikkje etablerast slamavskiljarar som ikkje kan tømmast etter kommunal tømmeordning.
- c) Ved byggesak må det avklarast kva kapasitet eksisterande vatn- og avlaupsnett har i dag, og kva behov ei utbygging vil stille til kapasitet.
- d) Handsaming av overvatn skal dokumenterast i alle byggesaker. Tiltak skal ikkje medføre auka overvassbelastning på eksisterande avløpssystem. Det skal takast høgde for klimaendringar med eit klimapåslag på 40%. Ved nye utbyggingar over større områder skal det i detaljregulering leggjast til rette for lokal overvasshandtering gjennom lokal infiltrasjon i grunnen og i opne vassstrengar. Overvatn skal i størst mogleg grad fordryast og handterast lokalt, fortrinnsvis gjennom naturbaserte løysingar. Det skal sikrast tilstrekkeleg areal for open overvasshandtering, infiltrasjon og vegetasjon innanfor planområdet, primært på eigen grunn. Dersom tilhøva ligg til rette for det kan tilliggjande offentleg grønstuktur inngå i løysingane.
- e) Det skal i alle plan- og byggesaker dokumenterast tilfredsstillande sløkkjevasstilgang.

2.5 Veg og transport (pbl § 11-9 nr. 3)

- a) Statens vegvesen sine vegnormalar og kommunen sin veg-norm skal leggjast til grunn for dimensjonering, utforming og val av løysingar i arealplanar og søknad om tiltak.
- b) I områder med sentrumsføremål og bustadføremål skal det ved regulering sikrast at det vert gjennomført tiltak som gjev trafikktrygg gang- og sykkeltilkomst internt i byggjeområda og til kringliggjande aktivitetar.
- c) Ved regulering/fortetting i eksisterande utbygde områder, må det gjennomførast trafikkvurdering i høve den nye utbygginga sin påverknad på eksisterande trafikknett. Ved utbygging i nye områder, eller ved utviding i eksisterande områder må det vurderast behov for kryssutbetringar mot riks- og fylkesvegar.

- d) For område avsett til sentrumsformål, forretning, tenesteyting og næring skal det dokumenterast tilfredsstillande forhold for varelevering og transport.
- e) Føresetnaden for å byggje bustadar (planføremaal B, KBA og LS) direkte etter kommuneplanen er at ein kan nytte eksisterande infrastruktur, jf. plankrav punkt 2.1 bokstav a, 3. kulepunkt.
- f) I områder FB, KBA og LS der det ikkje er krav om detaljreguleringsplan skal eksisterande vegar nyttast til fritidsbustad. I kommuneplanen er det lagt til grunn at hytter som ikkje kan nytte eksisterande vegar berre skal ha gangtilkomst. Dersom det er behov for opparbeiding av veg til hyttene vert det krav om detaljregulering.
- g) I områder for naust (ABA) der det ikkje er krav om detaljregulering skal eksisterande vegar nyttast. Der det ikkje er eksisterande veg føreset kommuneplanen at det berre skal vere gangtilkomst. Dersom det er behov for opparbeiding av veg vert det krav om detaljregulering.

2.6 Byggegrenser og byggehøgder (pbl § 11-9 nr. 5)

Byggegrenser

- a) Fasadeendringar etter plan- og bygningslova § 20-1, bokstav c og §20-5 bokstav f er ikkje omfatta av byggegrensene vist til nedanfor.
- b) Dersom ikkje anna går fram av reguleringsplanar vist i punkt 9.18 og 9.19 i føresegnene eller er vist på plankart i kommuneplanen, er byggegrensa mot veg i områder for bygg og anlegg slik:
 - o Mot kommunal veg 4 m frå vegkant.
 - o Mot fylkesvegar 50 m frå senterlinje veg.
 - o Mot riksvegar 50 m frå senterlinje veg.
 - o Mot privat veg 4 meter frå vegkant veg.
 - o Gatelys kan plasserast i eigedomsgrenser.
- c) I alle byggesaker skal det dokumenterast følgjande avstandar til offentlege VA-leidningar:
 - o 6 m til hovudleidningar
 - o 4 m til andre leidningar
- d) Dersom ikkje anna går fram av plankart til kommuneplanen eller reguleringsplan er det dei generelle avstandsreglane i plan- og bygningslova §29-4 og SAK10 §4-1 som er gjeldande for føremåla under bygg- og anlegg. Unntak for avstand til veg, sjå punkt a.
- e) Der byggegrense mot sjø og vassdrag ikkje er vist på plankart er byggegrense lik føremålsgrense. Det kan leggjast avløpsleidning og anna infrastruktur i strandsona føreset at det ikkje er behov for sprenging, sjølv om det ikkje opnast for ny utbygging innanfor eit område. Utover dette er det ikkje lov med ytterlegare inngrep/bygg i strandsona. Eksisterande tiltak kan haldast ved like. I LNF områda kan naudsynte tiltak for landbruket plasserast i strandsona, jf. punkt 6.1 bokstav e.
- f) Byggegrense mot mindre bekkeløp og elver som ikkje har omsynssone for flaum, er minimum 20 m, jf. TEK 17 § 7-2. Denne grensa kan fråvikast dersom det vert dokumentert gjennom flaumfarevurdering at området har tilfredsstillande tryggleik mot flaumfare og erosjon.

Byggehøgder og bruksareal

- a) Fastsetting av høgder vist til i tabellane under dei einskilde arealføremåla refererer seg til TEK 17 § 6.2. Føresetnaden for å bygge inntil maks høgde er at det kan dokumenterast at dei felles føresegnene er følgde, jf. punkt 2.9, 2.12 og 2.14.
- b) Ved berekning av bruksareal skal imaginert plan ikkje nyttast. Dette har verknad ved utrekning av utnyttingsgrad, parkeringskrav og krav til uteopphaldsareal.

2.7 Universell utforming (pbl § 11-9 nr. 5)

- a) Område og bygg med publikums retta formål skal ha universell utforming av publikums retta bruksareal.
- b) Offentlege rom (gater, plassar, allmenningar og parkar) skal ha universell utforming med vekt på tilgjenge for alle derunder rørslehemma, svaksynte og høyrselshemma.
- c) Det skal dokumenterast korleis krav til universell utforming vert oppfylt i all planlegging og søknad om tiltak, opparbeiding av bygg og anlegg, inkludert tilkomst og uteområde.

2.8 Omsyn til barn og unge sine interesser (pbl §§ 1-1, 11-9 nr. 5 og nr. 8)

- a) Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging skal leggjast til grunn for all planlegging og søknad om tiltak. Ved bygging av nye bustadar både i nye og eksisterande bustadområde skal barn og unge sine oppvekstvilkår takast særskild omsyn til, jf. plan- og bygningslova § 1-1.
- b) Det skal takast spesielt omsyn til skulevegar, snarvegar, gang- og sykkelvegar og gode og varierte aktivitetsområde. Ved eventuell anna disponering av areal som er viktige for barn og unge sine aktivitetar skal det sikrast erstatningsareal med minst tilsvarende tilgang, storleik og kvalitetar, i samsvar med rikspolitiske retningslinjer.
- c) Areal til bruk for barn og unge skal utformast med god funksjonalitet og areala skal planleggast slik at areala til lek vert prioriterte.
- d) Der det ligg føre barnetråkk-registreringar skal desse takast omsyn til i utarbeiding av reguleringsplan.
- e) Områderegulering for bustadområde skal enten vise leikeplassar som arealføremål i plankartet eller ha planføresegn etter plan- og bygningslova § 12-7 nr. 11 med krav om detaljregulering. Detaljregulering skal vise leikeplass som arealføremål i plankartet. Det må gå fram av planføresegner etter plan- og bygningslova § 12-7 nr. 14 om ein leikeplass skal vere offentlig eller felles for fleire eigedomar.

2.9 Krav til uteopphaldsareal / leikeareal (pbl § 11-9 nr. 5)

- a) I bustadområde skal det setjast av felles leikeareal og uteopphaldsareal som vist i tabellen under ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om tiltak. Delar av arealet kan etter utbyggingsavtale eller privatrettsleg avtale, der kvalitetar vert tilført, leggjast til nærliggjande park, natur- og friluftsområde.
- b) Alle fritidsbustadar, bustadeigedomar og bueiningar, inkludert naboeigedomar, skal ha minst eitt tilgjengeleg uteopphaldsareal der min. 50% av arealet har minst 4 t sol på ettermiddag/kveld i sommarhalvåret. Soltilhøve må dokumenterast i nye byggjesaker.

- c) Offentlege ute-opphaldsareal i sentrumsområde, som plassar/ torg og parker skal ha ei tenleg og universell utforming, vere tilgjengelege, ha trafikkssikker plassering og ikkje vere utsette for vegtrafikkstøy over 55dBA. Det skal leggst vekt på kvalitetar som fremjar trivsel og positiv opplevingsverdi. For parker og plassar skal minst 50% av arealet ha sol ved jamndøgn anten klokka 9, 12 eller 15 og ved midtsommar klokka 18.
- d) Alle bueiningar skal ha privat uteopphaldsareal i direkte tilknytning til bustaden. Utforminga skal vere slik at den har breidde tilsvarande snusirkel 1,5 m. Privat uteopphaldsareal kan vere overbygd og innglassa, føresett at innglassinga kan opnast i sin heilheit. Private uteopphaldsareal skal ha støynivå lik eller mindre enn 55 dB(A).

Grunnlag pr. 100 m² BRA til bustadføremål		
	Områder med konsentrert bustadbygg (sentrum og bustadføremål)	Andre områder
Minimumskrav til samla uterom	30 m ²	50 m ²
Del av samla uterom som skal setjast av til felles bruk når prosjektet er større enn 400 m ² BRA til bustadføremål og omfattar minst 4 bustader	15 m ²	25 m ²

Krav til felles uteopphaldsareal/leikeareal:

Kvalitetskrav

- a) Leikeareal skal vere skjerma mot sterk vind, forureining, sterke elektromagnetiske felt, trafikk og andre fareområde eller anna helsefare.
- b) Tilkomstvegar mellom bustader og leikeplassar skal ha tilfredsstillande trafikktryggleik og skal så langt det let seg gjere vere universelt utforma i samsvar med teknisk forskrift kap. 8 (TEK 17).
- c) Område med støynivå over 55 dB(A), areal sett av til køyreveg, parkering og fareområde kan ikkje reknast som felles uteopphaldsareal/leikeareal.
- d) Leikeareal skal ha solrik plassering, og minst halvparten av leikearealet skal vere solbelyst kl. 15.00 ved vårjamndøgn.
- e) Areala skal ikkje vere brattare enn 1:3 og skal ikkje vere smalare enn 10 meter.

Plassering og utforming

- a) Areala skal vere eigna for leik og opphald heile året og for ulike aldersgrupper, og vere universelt utforma i samsvar med teknisk forskrift kap. 8 (TEK 17). Områda skal ha tiltalende utforming og vere utstyrt med leikeapparat og møblering i samsvar med storleik og målgruppe som synt til tabellen nedanfor.
- b) Leikeareal skal vere plassert på bakken. Naturleg terreng skal bevarast og nyttast, der dette ikkje er i strid med krav til universell utforming eller til vesentlege funksjonar, knytt til sjølve leikearealet. Dersom krav til storleik eller brattleik må avvikast skal leikearealet vere utforma med høg kvalitet. Det skal leggst fram situasjonsplan som illustrer korleis arealet vert nytta på ein effektiv, variert og føremålstenleg måte.

- c) Innafor eksisterande bystruktur, avsett til sentrumsføremål kan leikeareal for småbarnsleik plasserast på tak, dersom krav til tryggleik og kvalitet ikkje kan stettast på anna måte.
- d) Skuleleikeplass kan inngå som kvartalsleikeplass. Dersom skule -eller barnehageområde vert omdisponert ved nedlegging av undervisningstilbod skal leikearealet vidareførast som leike - og møteplass med tilhøyrande krav til storleik, funksjon og kvalitet for kvartalsleikeplass.
- e) Kommunen kan godkjenne at det i staden for opparbeiding av leikeareal/felles uteopphaldsareal på eigen grunn kan inngåast avtale for å nytte nærliggande grøntareal til formålet jf. avstandskrav nedanfor. Slik avtale må tinglysast.
- f) Kravet til opparbeiding av leikeplass, skal ikkje gjelde for oppføring av einskilde private bueiningar, dersom private ute-opphaldsareal stetter krava ovanfor.
- g) Ved utarbeiding av reguleringsplan skal det dokumenterast at krava til leikeareal innanfor de oppgjeve avstandskrava i tabellen nedanfor er oppfylt og at leikeplassar er trygt tilgjengelege frå bustad.

Leikeplassar ved samla utbygging	Pr. tal bueining	Gåavstand innan	Storleik areal	Minimumskrav til funksjon
småbarnsleik	4-25	100 meter	200m2	• Skal vere tilpassa born i aldersgruppa 0 til 8 år samt opphaldsfasilitetar til foreldre. • Det kan leggst til rette tiltak for samling og fellesaktivitet, som t.d gapahuk eller grillplass.
Kvartalsleikeplass	25-200	500 meter	1500m2	• Skal vere tilpassa born i aldersgruppa 8 år til minst 12 år og med varierte aktivitetar, som ballspel, skate-anlegg, akebakke, aktivitetssløyper m.m. • Det kan leggst til rette for tiltak som fremjar samling og fellesaktivitet, som t.d gapahuk eller grillplass.

2.10 Parkering (pbl § 11-9 nr. 5)

- a) Parkeringsdekning og løysing skal dokumenterast ved all planlegging og alle søknader om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a, b, d, g, j og l. Alle omsøkte tiltak skal ha parkeringsdekning i samsvar med krava i tabellen under. Ved oppføring av arealkrevjande bygg/verksemd kan ein i byggjesak dokumentere det reelle parkeringsbehovet i høve tal tilsette, kundar osv, ved slik dokumentasjon kan krava i tabellen under fråvikast.
- b) Parkeringskravet i punkt C i tabellen under kan reduserast med 25% dersom ein kan dokumentere mogleg sambruk av parkeringsplassar, td fordi dei er i bruk til ulik tid.

- c) Parkeringsplassar og garasjar skal plasserast slik at all manøvrering inn og ut skal gjerast på eigen grunn. Minst 5 % av biloppstillingsplassane skal vere utforma i tråd med krav til utforming av biloppstillingsplassar for rørslehemma i TEK 17.
- d) Det er krav til opparbeiding av parkering på eigen tomt ved byggearbeid som fell under kriteria i tabellen under. Det er mogleg å kjøpe og tinglyse rettar til parkering i offentlege parkeringsanlegg maks 500 meter frå bygg.
- e) Felles parkeringsordning – frikjøpsordning: Kommunen kan godkjenne at det i staden for opparbeiding av parkeringsplassar på eigen grunn eller fellesareal, vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass til kommunen for bygging av felles parkeringsanlegg i medhald av PBL § 28-7. Satsen for frikjøp av parkeringsplassar vert fastlagt i samband med årsbudsjettet. Prisen justerast i samband med årleg fastsetting av kommunale avgifter og gebyr. Innbetalt beløp kan berre nyttast til opparbeiding av offentlege parkeringsanlegg.
- f) For nye leilegheits- og næringsbygg skal parkering som hovudregel lokalisert i kjeller/under terreng og ikkje på gateplan. Det må leggjast til rette for ladning av elbilar. Behovet for ladepunkt skal dokumenterast i dei einskilde plan-/byggesakene. Det kan gjerast unntak for HC- parkering som skal plasserast tett på hovudinngang. I tilfelle der det er skrånande terreng med stor høgdeskilnad frå eine sida av bygget til andre sida, så skal konkret løysing vurderast i kvart enkelt tilfelle. For endring, påbygg og ombygging av eksisterande bygg, så kan eksisterande parkering på gateplan beholdast.
- g) Sykkelparkering skal leggjast nær inngang til publikumsbygg jf. krav til sykkelparkering under.

Krav til parkeringsplassar er eit minimum pr. eining (bustader) eller pr. begynt BRA på tomta

Type verksemd	Eining	Tal p.plassar		Tal sykkel-plassar
A. Bustad		Områder med konsentrert bustadbygg (sentrum og bustadføremål)	Andre områder	
	Pr. bueining			
Einebustad		1	2	2
Rekkehus		1	2	1
Leilighet		1	1	1
Hyblar = uteleigedel som ikkje stetter krava til sjølvstendig bueining i Tek 17.		0,5	0,5	1
Omsorgsbustadar		0.2	0.2	1
B. Næringsverksemd				
Forretning	Pr. 100 m ² BRA	0,5		1
Kjøpesenter	Pr. 100 m ² BRA	0,2		0,5
Kontor	Pr. 100 m ² BRA	0,5		1
Industri og verkstad	Pr. 100 m ² BRA	0,5		1
Lager	Pr. 100 m ² BRA	0,2		0,5

Hotell og restaurant	Pr. 100 m ² BRA	0,5	1
Småbåthamn	Pr. båtplass	0,3	0,3
C. Anna verksemd			
Kultur (kino, forsamlingslokale, kyrkje)	Pr. 100 m ² BRA	0,2	2
Undervisning (skule, barnehage)	Pr. 100 m ² BRA	0,2	3
Idrettsanlegg	Pr. 100 m ² BRA	0,5	2

Retningslinje

Når Kinn kommune har utarbeidd parkeringsnorm for heile kommune, skal parkeringsnorma gjelde framfor føresegnene i kommuneplanen.

2.11 Risiko, sårbarheit, naturfare og klima (pbl § 11-9 nr. 6)

Beredskap

- Ved etablering av nye bygg/verksemdar i eksisterande næringsområde skal det følgje ei heilskapleg risikovurdering av verksemda sin aktivitet opp i mot etablerte verksemdar og infrastruktur i området, med vekt på fare for ulykke, avbøtande tiltak og beredskap.
- Infrastruktur skal som hovudregel leggjast i grunnen.
- Ved ny utbygging, både i eksisterande område og nye område, skal det dokumenterast sikker tilkomst for utrykkingskøyretøy og tilfredsstillande sløkkjevasskapasitet.
- I område som har utrykkingstid over 20 min må det påreknast eigeninnsats for brannsløkking.

Naturfare

Bygg som er viktige for beredskap, FAST-anlegg og storulykkeverksemdar skal plasserast utanfor område med naturfare.

Skredfare

- Planlegging og tiltak skal utførast i samsvar med TEK17 kap. 7 slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av hendingar knytt til naturfare. For tiltak i omsynssonar, sjå òg føresegner kap 9.4.
- Ved utfylling i sjø må grunnforhold og områdestabilitet avklarast.
- For søknadspliktige tiltak som ligg i omsynssone H310-1 og H310_3, skal det utarbeidast faresonekart. Før området kan takast i bruk skal det vere gjort fagkunnige utgreiingar, og eventuelle sikringstiltak skal vere gjennomført.
- For tiltak under marin grense
- må det dokumenterast trygg byggegrunn.

Flaumfare

- Nivå for flaumfare er vist med omsynssone H320. Krav til tryggleiksklassar i teknisk forskrift må følgjast ved nye tiltak. Tryggleikskrava kan ein oppnå enten ved å:
 - Plassere byggverk utanfor flaumutsett område (over gjeve kotehøgde.
 - Sikre byggverk mot overfløyming dimensjonere og konstruere byggverket slik at det det toler belastningane og ein unngår skadar.

- d) Byggverk som i kraft av funksjonen sin må liggje i flaumutsette område, slik som til dømes kaiar, brygger og liknande, må konstruerast og oppførast slik at dei er i stand til å tole belastningane under flaum.
- e) Installasjonar som ikkje vil tole høg vasstand og bølgepåverknad, må plasserast utanfor flaumutsett område.
- f) Område med flaumfare i vassdrag er vist med omsynssone H320_5-6. Før det kan setjast i verk tiltak innafor desse sonene må det gjennomførast flaumfareutgreiing/-kartlegging av fagkunnige som dokumentarar tilfredsstillande tryggleik mot reell flaumfare. Dersom det må etablerast sikringstiltak, skal desse vere ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve for tiltak. Dersom kartlegginga viser at det vil vere behov forsikring i anleggsperioden, må sikringstiltak vere utført før det vert søkt om byggjeløyve.
- g) I områder utanfor omsynssone H320_5-6 skal nye bygg og anlegg plassert med ein minimumsavstand på 20 m til elver/bekkar, jf. punkt 2.6e
- h) Område med stormflo/bølgepåverknad/havnivåstiging H320_1-4 er visualisert på plankartet med tryggleiksklasse F3. Nedanfor er det fastsett kotehøgder for dei ulike områda og tryggleiksklassane. Desse er førande, og kan fråvikast i den einskilde plansak/byggesak dersom det vert dokumentert at andre verdiar kan leggjast til grunn. Det skal då gå fram av saka kva høgde som er lagt til grunn for dei einskilde tryggleiksklassane i TEK17. Ved berekning av stormflo-nivå er det 95-persentilen for år 2100 i RCP8.5 senarioet som skal leggjast til grunn. Planerte flater og kaiar må etablerast på ein slik måte at toppnivå kan hevast i takt med nivå for havstigning. Det må takast omsyn til havnivåheving ved plassering av tekniske installasjonar. Infrastruktur og konstruksjonar som er vesentleg for stabilitet må etablerast over sone for stormflo.

Framtidig havnivå med stormflo og bølgepåverknad i nordre Kinn vert då rekna til:

Inndeling	STORMFLO	Framtidig havnivå Måløy (NN2000)	Signifikant bølgehøgde (NN2000)	Kotehøgde for stormflo med bølgepåverknad (NN2000)
Indre/skjerma områder (Vågsøya Aust nord for Måløybrua til Skongsneset fyr, samt fastlandet)	Tryggleiksklasse F1 (Returnivå 20år)	224 cm	+75 cm	Kote 3,0 m
	Tryggleiksklasse F2 (Returnivå 200 år)	237 cm	+75cm	Kote 3,1 m
	Tryggleiksklasse F3 (Returnivå 1000år)	244 cm	+75 cm	Kote 3,2 m
Ytre/vêrutsette områder (Vågsøya Vest frå sør for Måløybrua og til Skongsneset fyr, samt øyane)	Tryggleiksklasse F1 (Returnivå 20år)	224 cm	+175 cm	Kote 4,0 m
	Tryggleiksklasse F2 (Returnivå 200 år)	237 cm	+175cm	Kote 4,1 m
	Tryggleiksklasse F3 (Returnivå 1000år)	244 cm	+175 cm	Kote 4,2 m

Framtidig havnivå med stormflo og bølghjøp påverknad i søre Kinn vert då rekna til:

Inndeling	STORMFLO	Framtidig havnivå Florø (NN2000)	Signifikant bølgehøgde (NN2000)	Kotehøgde for stormflo med bølghjøp påverknad (NN2000)
Indre/skjermå område (Heile planområdet unntatt øyane)	Tryggleiksklasse F1 (Returnivå 20år)	217 cm	+60 cm	Kote 2,8 m
	Tryggleiksklasse F2 (Returnivå 200 år)	231 cm	+60 cm	Kote 2,9 m
	Tryggleiksklasse F3 (Returnivå 1000år)	238 cm	+60 cm	Kote 3,0 m
Ytre/vêrutsette område (Øyane)	Tryggleiksklasse F1 (Returnivå 20år)	217 cm	+120 cm	Kote 3,4 m
	Tryggleiksklasse F2 (Returnivå 200 år)	231 cm	+120 cm	Kote 3,5 m
	Tryggleiksklasse F3 (Returnivå 1000år)	238 cm	+120 cm	Kote 3,6 m

Klima

- Ved planlegging av nye byggjeområde og i søknad om tiltak skal det dokumenterast korleis omsyn til klimatiske tilhøve som sol, vind og kaldtrass er ivareteke.
- Omsyn til ekstremvær skal ivaretakast ved prosjektering av bygg og uteopphaldsareal.
- Tiltak skal utførast i varige og mest mogleg miljøvennlege materiale, tilpassa funksjon og omgjenvadene.
- Overvatn skal fordrøyast lokalt innanfor byggjeområdet, jf punkt 2.4. I plan- og byggesaker skal ulike tiltak for å begrense/forseinke avrenning av overvatn vurderast, til dømes drenerande flatar, grønne tak, grønne vegger, regnbed og vasspeil.

2.12 Estetikk, byforming og arkitektur (pbl § 11-9 nr. 6 og 7)

- Det skal planleggjast for ein heilskapleg arkitektur innafor kvart byggjeområde og prinsippet om god arkitektur skal følgjast og dokumenterast i alle plan- og byggesaker.
- Nye tiltak skal ikkje påverke utbyggingsstrukturen, tilgjengelegheit eller kvalitet av byrom negativt. Eksisterande passasjer og siktliner skal haldast open, og sikt mot sjø og ålment ferdsel skal takast vare på. Ved utarbeiding av reguleringsplanar i by og tettstadar skal det gjerast ei vurdering som skildrar dei estetiske og romlege kvalitetane på staden og korleis nye bygg tilpassar seg bygningsstrukturen og kringliggande volum. Det skal grunngjevast på kva måte bygget passar inn i omgjenvaden og kva estetiske omsyn som er teke.
- Bygningar skal ha ei heilskapleg form og volumoppbygging og skal fremje gode uterom. I alle område skal tilpassing til eksisterande volum og arkitektonisk utforming, som høgde, proporsjon, fasadeinndeling, form eller volumoppbygging leggjast særskild vekt på. Arkitektonisk vurdering av valde løysingar skal følgje med søknad om byggjeløyve.

- d) Tilgrensande ute-opphaldsareal skal ikkje få redusert kvalitet, jf. Krav til uteopphaldsareal / leikeareal, kap 2.9 og det skal ligge føre soldiagram der tiltaket kan få påverknad på naboeigedomane.
- e) Balkongar skal ikkje ha privatiserande verknad for byrom. Balkongar (opne og innglasa) skal anten trekkast til eller bak fasaden eller plasserast, orienterast og utformast slik at dei ikkje har privatiserande verknad for byrommet eller minkar opphalds -eller opplevingskvalitetar av dette.
- f) Bygge- og anleggstiltak skal plasserast slik at dei tek vare på heilskapen i natur- og kulturlandskapet og ikkje bryt med eksisterande volum og proporsjonar. Dersom dei bryt med eksisterande volum og proporsjonar for området, skal dette løysast med form-messig oppdeling.
- g) For industribygg skal det leggjast vekt på bruk av fargar som dempar fjernverknad av bygningar og som sikrar eit harmonisk visuell heilskap. Fargevariasjon kan vurderast dersom det kan grunngjevast med eit fargegjevingskonsept som gjev eit positivt særpreg til stad og omgjevnad. I tett bebygde område skal det leggjast særleg vekt på god estetisk kvalitet for næringsbygg ved framtidige tiltak.
- h) Tiltak etter anna lovverk skal vurderast ut frå same kriteria som andre plan- og byggjesaker.
- i) I tette trehus -og naustmiljø innan verneverdige historiske kulturmiljø skal nye bygningar eller ombygging av eksisterande bygg fremje staden sitt særpreg og estetiske kvalitetar i fasadar, detaljer, volum og hovudform.
- j) Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som gjev negative konsekvensar for verdifulle kulturminne/kulturmiljø, naturmiljø, friluftsområde og leikeareal for born og unge og tilgangen til desse.

2.13 Kunst i offentleg rom (pbl § 11-9 nr. 6)

Innafor områder avsett til offentlege føremål og i friområde kan det etter ei fagleg vurdering av kvalitet oppførast permanente eller mellombelse kunstinstallasjonar/kunstverk.

2.14 Natur, landskap, terreng og grøntstruktur (pbl § 11-9 nr. 6)

- a) Tiltak skal underordne seg viktige landskapstrekk. Bygge- og anleggstiltak skal ikkje bryte åsprofilar, landskapssilhuettar og horisontlinjer. Forholdet mellom tiltaket og omkringliggende landskap skal dokumenterast og grunngjevast.
- b) Ved planlegging og utføring skal det leggjast vekt på terrengtilpassing, slik at ein unngår flatplanering og i størst mogleg grad unngår skjeringar og murar. I skrått terreng skal bygg der det er hensiktsmessig ha underetasje eller avtrappast over fleire plan for best mogleg terrengtilpassing.
- c) I områder med krav om detaljregulering av bustadområde, skal minimum 30% av fellesareal arealet inkludert uteopphaldsareal ha vegetasjon. Korleis dette er løysast skal gå fram av reguleringsplan.

- d) Det skal planleggjast og leggjast til rette for ein samanhengande grøntstruktur. Eksisterande ferdselsårer og gangnett skal behaldast, og det skal leggast vekt på å utvikle slike ved ny utbygging.
- e) I områder med spor av kulturlandskap er det viktig at heilskapen av menneskapte landskapselement vert teke vare på, td gamle steingardar, bakkemurar og liknande.
- f) Biologisk mangfald og naturinteresser skal takast vare på med grunnlag i prinsippa i Naturmangfaldslova. Der kunnskap om biologisk mangfald ikkje er tilfredsstillande, gjeld føre var-prinsippet. Kommunen kan krevje at tiltakshavar gjennomfører undersøkingar for å forbetre kunnskapsgrunnlaget for vurdering av plan og tiltak. Kantvegetasjon langs vatn, vassdrag og bekkar skal forvaltast slik at naturleg førekommande artar og naturleg prosesser vert oppretthalde, jf. Vannressurslova § 11.
- g) Marint biologisk mangfald: Før etablering av akvakulturanlegg og søknadspiktige tiltak i og ved sjø, som mellom anna sprenging og utfylling i sjø, er det krav om utgreiing om marint biologisk mangfald. Unntak frå kravet er etablering av stø/båtopptrekk og mindre vorrar for skjerming av stø i naustområde. Det skal setjast inn avbøtande tiltak for å ivareta det marine biologiske mangfaldet under utbygging og etterpå.
- h) Naturgjevne og kulturskapte element som fungerer som blikkfang i landskapet (landemerke) skal bevarast og styrkast. Frå sjøen skal det bakanforliggende bylandskapet vere synleg og lesbart.
- i) Før utbygging skal område kartleggjast i høve framande artar. Lausmasser frå lokalitetar med framande artar skal handsamast slik at ein unngår ytterlegare spreiding. Plan for å unngå dette må vere dokumentert i søknad om tiltak.
- j) I områder det er kartlagt funksjonell strandsone skal denne rapporten leggjast til grunn ved utarbeiding av detaljreguleringsplan.

2.15 Støy

- a) Innafor områder der støyverdiane ligg i raud sone, jfr T-1442 skal det ikkje tillatast oppføring av pleieinstitusjonar, skule og barnehagar og bustadar, med unntak av Måløy sentrum langs rv15 og fv 617. I desse områda kan det tillatast etablering av bustadar innafor raud støysoner, føresett at alle bueiningar har ei stille side som stettar krav til støy i tabellen under, og at min 50% av rom for varig opphald ligg mot stille side. Rom for varig opphald mot støyutsett side som er soleksponert skal dessutan ha utvendig solavskjerming. Det skal etablerast uteoppholdsareal på stille side som stettar krav i tabellen under. Dette må dokumenterast gjennom ei støyfagleg utgreiing der støynivåa vert talfesta i tabell og/eller i berekningspunkt i kart for representative høgder, til dømes ved fasadar og uteoppholdsareal.
- b) Innafor områder der støyverdiane ligg i gul sone kan det etablerast nye bygg med støyfølsam bruk føresett at det kan gjerast avbøtande tiltak slik at støyverdiane i tabellen under vert stetta. Dette må dokumenterast gjennom ei støyfagleg utgreiing der støynivåa vert talfesta i tabell og/eller i berekningspunkt i kart for representative høgder, til dømes ved fasadar og uteoppholdsareal. Utgreiinga skal ligge føre samtidig med planforslag i plansaker, og vere innarbeidd i plankart og føresegner eller ved søknad om rammeløyve i byggesaker.
- c) Etablering av andre bygningar med støyfølsam bruk, t.d kontor og overnattingsstader, kan berre tillatast dersom krav til innandørs støynivå er tilfredsstillt.
- d) Verdier for støy går fram av tabellen under

Støykjelde	Støynivå utanfor vinduer i rom med støyfølsam bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal	Støynivå utanfor soverom, natt kl. 23 – 07	Støynivå utanfor vinduer i rom med støyfølsam bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal dag og kveld, kl. 07 - 23	Støynivå utanfor vinduer i rom med støyfølsam bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal lørdager	Støynivå utanfor vinduer i rom med støyfølsam bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal søn-/helligdag
Veg	$L_{den} \leq 55$ dB	$L_{5AF} \leq 70$ dB			
Luftfart	$L_{den} \leq 52$ dB	$L_{5AS} \leq 80$ dB			
Industri med døgndrift	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 55$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB	$L_{night} \leq 45$ dB $L_{AFmax} \leq 60$ dB			
Anna industri	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 55$ dB og Levening ≤ 50 dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB og Levening ≤ 45 dB	$L_{night} \leq 45$ dB $L_{AFmax} \leq 60$ dB		Uten impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 45$ dB	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 45$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 40$ dB
Hamner og terminaler	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 55$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB	$L_{night} \leq 45$ dB, $L_{AFmax} \leq 60$ dB			
Motorsport	$L_{den} \leq 45$ dB	Aktivitet bør ikkje føregå	$L_{5AF} \leq 60$ dB		
Skytebaner	$L_{den} \leq 35$ dB	Aktivitet bør ikkje føregå	$L_{AFmax} \leq 65$ dB		
Vindturbiner	$L_{den} \leq 45$ dB				
Nærmiljøanlegg	$L_{AFmax} \leq 60$ dB				
Definisjonar til dei ulike støygrensene går fram av T-1442					

Støy frå bygge- og anleggsverksemd for arbeid meir enn 6 mnd skal følgje krav vist i tabellen under

Bygningstype	Støykrav på dagtid (L _{pAeq} 12h 07-19)	Støykrav på kveld (L _{pAeq} 4h 19-23) eller sun-/heilagdag (L _{pAeq} 16h 07-23)	Støykrav på natt (L _{pAeq} 8h 23-07)
Bustad/fritidsbustad sjukehus, /pleieinstitusjoner	60	55	45
Skule/barnehage	55 i brukstid		
a. Dersom bygge- og anleggsverksemda har kortare varigheit enn 6 månader, kan det aksepterst opp mot 5 dB høgare støynivå på dagtid og kveld enn gjeve i tabellen ovanfor.			

- b. Støyande arbeid og aktivitetar frå anleggsverksemd bør ikkje drivast om natta. Dersom det likevel vert nødvendig skal det lagast plan for varsling av naboar.
- c. Ved mindre arbeid kan grenseverdiane i tabellen fråvikast. Mindre arbeid vert definert som anleggsaktivitet som berre føregår på dagtid (07-19) på kvardagar, der støyande aktivitet har en varighet på maksimalt to veker, og boring/spunting eller tilsvarande aktivitet i maks to dagar.

2.16 Renovasjon (pbl § 11-9 nr. 6)

- a) Ved utbygging av nye område skal det settast av tilstrekkeleg og eigna område for renovasjon. Området skal ha tilfredsstillande tilkomst for renovasjonsbil. Renovasjonsløyising skal vere godkjent av renovasjonsselskap.
- b) Ved etablering av 5 eller fleire bueiningar er det krav om eige bosshus/bossrom med tilfredsstillande tilkomst for renovasjonsbil. Plassering av renovasjonsløyising og tilkomst skal vere godkjent av renovasjonsselskap.

2.17 Bevaring av eksisterande bygningar og kulturmiljø (pbl § 11-9 nr.7)

For omsynssone H570_1, H570_2

- a) Innanfor omsynssonene H570-serien, skal eksisterande bygningsmiljø og tilhøyrande landskap takast vare på som heilskap og ikkje få redusert kvalitet. I alle plan- og byggesaker skal det leggjast vekt på kvalitet og at historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi som knytter seg til eit byggverks ytre har ein opplevingsverdi.
- b) Konsekvensar for eventuelle kulturminne, (både enkeltminne og eventuell kulturminnesamanheng) skal vurderast i alle plan- og byggesaker, også i sjø.
- c) Enkeltminne som inngår i Kulturlandskap av nasjonale interesse, «Nordfjord – Krigshistorisk landskap» skal vere tilgjengeleg for ålmenta.

2.18 Rekkefølgekrav (pbl § 11-9 nr. 4)

Generelt

- a) Kommunen skal vurdere konsekvensane av reguleringsplanar for bustader når det gjeld kapasitet på skule- og barnehage. Dersom kommunen ikkje finn akseptable løyisingar kan ikkje reguleringsplanen bli godkjent.
- b) Ved tiltak i sjø skal det gjerast undersøkingar kring mogleg ureina grunn i samband med regulering eller byggesak med unntak for forankring av installasjonar som flytebrygge, utsleppsøyre og liknande. Tiltak i sjø må og ha løyve etter hamne og farvasslova, og det må gjerast ei vurdering om behov for løyve etter Forureiningslova.
- c) For tiltak som gjer vesentleg konsekvensar for riks- og fylkesvegnettet vert det stilt krav om trafikkanalyse i detaljplan.
- d) Før det gjennomførast tiltak skal området undersøkast for framande artar, og masser frå områder der framande artar er registrert skal handterast på ein forsvarleg måte.

Ved byggesøknad

- a) Ved søknad om byggeløyve for etablering av nye bygg/verksemdar i eksisterande næringsområde skal det følgje ei heilskapleg risikovurdering av verksemda sin aktivitet opp

i mot etablerte verksemdar og infrastruktur i området, med vekt på fare for ulykke, avbøtande tiltak og beredskap.

b) Ved søknad om byggeløyve må følgjande dokumenterast så langt det er relevant for tiltaket:

- Ein skal dokumentere og grunngje forholdet mellom tiltaket (byggverk, estetisk løysing og uterom) og eksisterande tomte- og byggjestructur. Det skal utarbeidast skildring i tekst og bilete som syner tiltaket sin heilskaplege verknad for eksisterande bygningsmiljø, gate/veg, uterom, siktlinjer og terreng. For tiltak innan sentrumsføremål skal verknad av tiltaket innan kvartal visast.
- Tiltak skal dokumenterast med fasadeoppriss sett frå bakkeplan i høve omgjevnadene og omkringliggjande bygg og anlegg.
- Høgdefastsetjing skildrast med kotehøgde for gesims- og mønehøgde, og illustrerast med terrengprofilar med tverrsnitt og lengdesnitt av eksisterande og nye bygg.
- Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast utomhusplan som dokumenterer god terrengtilpassing. Etablering av murar må dokumenterast med målsette teikningar som viser utforming, materialbruk samt høgde og lengde på muren. Terrenghandsaming skal dokumenterast med snitt som viser råka terreng før og etter tiltaket.
- Dokumentasjon på god utnytting av byggetomta (situasjonsplan og illustrasjonar), slik at det vert lagt til rette for gode uteopphaldsareal.
- Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast utomhusplan som dokumenterer god terrengtilpassing. Etablering av murar må dokumenterast med målsette teikningar som viser utforming, materialbruk samt høgde og lengde på muren. Terrenghandsaming skal dokumenterast med snitt som viser råka terreng før og etter tiltaket.
- Tilknytting til kommunaltekniske anlegg, vassforsyning og avløp, sløkkevatn jf. punkt 2.5.
- Avklaring av tilstrekkeleg kapasitet for EI-forsyning.
- Trafikksikker tilkomst til og frå område til butikk, barnehage, skule, leikeareal for gåande, syklande og køyrande. Når det gjeld fortetting kan eksisterande infrastruktur for tilkomst nyttast, føresett at denne har tilfredsstillande kapasitet og tryggleik.
- Avkøyrse/løyve/utvida avkøyrse/løyve til fylkesveg eller riksveg, eventuelt skal søknaden innehalde søknad om avkøyrse/løyve til kommunal veg.
- Løyve etter hamne- og farvasslova for tiltak i sjø.
- Tiltaksplan for forureina grunn, dersom slik er registrert innafor det omsøkte arealet.
- Løyve etter forureiningslova ved fylling/muddring i sjø.
- Eventuelle andre naudsynte løyver etter andre særlover.
- Driftsplan for anleggstida i høve støy, jfr punkt 2.15. d.
- Plan for handtering av framande artar der slike er påvist.
- Plan for handtering og bortkøyring av overskotsmasse, inkludert dumpingsstad.
- Ferdigstilling av sikringstiltak dersom dette viser seg naudsynt i høve tryggleik i anleggsperioden.

Ved bruksløyve

Før det vert gjeve bruksløyve etter plan- og bygningslova § 21-10 for bygg må følgjande vere etablert der dette er relevant:

- leikeplassar og andre felles uteområde.
- vegar
- parkering
- busstopp
- fortau/gang- og sykkelveg i samsvar med reguleringsplan og krav sett i byggjeløyve
- fortau/gangveg langs riksveg, fylkesveg og kommunal veg fram til tilfredsstillande infrastruktur for gang/sykkel
- tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet og tilkomst for beredskapskøyretoy.
- Naudsynte sikringstiltak der dette er aktuelt.

3 BYGG OG ANLEGG (PBL § 11-7 NR.1)**3.1 Bebyggelse og anlegg, BA (pbl § 11-7 nr. 1)****Delområde 1 - Kråkenes - Kvalheim**

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
BA001			Eksisterande	PlanID 1439199904 og 1439200703 gjeld for dette område etter føresetnadane i punkt 9.19.

Delområde 17 - Seljestokken - Haukå - Norddalsfjorden

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
BA203			Eksisterande	Område for vindmøller. Det kan ikkje gjennomførast tiltak som ikkje inngår i konsesjonen for vindmølleanlegget.

Delområde 18 - Rota – Grov – Tonheim – Storebru/Løkkebø

Felt namn	Tal nye einingar	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
BA201		Ja	Framtidig	- Føremålet gjeld byggjeområde for bustader, sentrumsføremål, forretning, offentlig eller privat tenesteyting, fritids- og turistføremål, uteoppshaldsareal. - Det kan ikkje gjerast tiltak i desse områda før det er utarbeidd detaljregulering for området, som og tek stilling til tilkomst.
BA202				

3.2 Bustader, B (pbl § 11-7 nr. 1)Generelle føresegner bustad

Dei generelle føresegnene for bustad gjeld saman med kapitel 2 så langt det ikkje er gjeve særskilde føresegner innafor det enkelte område. Ved anna utforming/storleik/tal enn det som går fram av tabellane nedanfor må det utarbeidast detaljregulering.

Føremålet gjeld byggjeområde sett av til heilårsbustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og fellesareal.

- Det kan oppførast frittstående garasje/uthus kor verken samla bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) overstig 50 m². Garasje/uthus skal oppførast i ei etasje, med maks gesimshøg 3,5 m. Garasjen kan i tillegg vere underbygd med kjellar når terrengtilhøva tilseier det. Krav til utnyttingsgrad for dei einskilde områda gjeld òg for garasje og andre uthus. Garasje/uthus skal ha god arkitektonisk utforming og vere tilpassa bustadhuset på eigedommen og kringlinggande bygg.
- Fleirmannsbustad skal ved oppføring av to etasjar ha vertikal deling dersom uteoppshaldsareal på bakkeplan er til felles bruk for begge einingane. Dersom fleirmannsbustad har horisontaldeling skal det dokumenterast at bygget sin utforming ivareteke omsynet til at felles uteoppshaldsareal kan nyttast av alle einingane utan sjenanse og på likeverdig måte.
- I områder med plankrav kan det ikkje frådelast nye tomter eller oppførast nye bustadar innafor området før området inngår i detaljreguleringsplan.

Delområde 1 - Kråkenes - Kvalheim

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B003	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Einebustadar/tomannsbustadar - Det kan oppførast inntil 4 bustadar samla utan reguleringsplan. - Bygg skal ha maks geimshøgde 6 m.

Delområde 2 - Refvik – Vedvik – Setra - Halsør

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B004	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Einebustadar/tomannsbustadar - Det kan frådelast inntil 2 nye tomter. - Bygg skal ha maks geimshøgde 6 m.
B005	BYA 30%	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast fleire tomter eller oppførast nye bueiningar.
B007	BYA 30%	nei	Eksisterande	- Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks geimshøgde 6 m.
B008		Ja	Eksisterande	- Plankrav vert stilt på grunn av aktsemdsone for snøskred. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks geimshøgde 6 m.
B009				
B010-1		Ja	Eksisterande	Plankrav vert stilt på grunn av aktsemdsone for snøskred.
B010-2	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Einebustadar/tomannsbustadar - Det oppførast inntil 4 bustadar samla utan reguleringsplan. - Bygg skal ha maks geimshøgde 6 m.

Delområde 3 - Raudeberg - Skårastranda

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B011	BYA 35%	Ja – ved større utbygging	Eksisterande	- Det kan oppførast einebustad/tomannsbustad på eksisterande frådelt tomter. - Ved frådeling av nye eigedomar til, eller oppføring av einebustad/to-firemannsbustad/rekkehus må det utarbeidast detaljreguleringsplan. - Bygg skal ha maks gesimshøgd 6 m.
B012	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast einebustad-innafor planområdet. - Bygg skal ha maks gesimshøgd 5 m. - PlanID 1439201403 gjeld for delar av området.
B013	BYA 50%	Ja	Framtidig	- Arbeidet med reguleringsplan for området skal innehalde trafikktrygg tilkomst til skule/barnehage og til sentrum for gåande og syklende. - To- og firemannsbustadar/rekkehus - Variert utbyggingsmønster - Det skal leggjast til rette for fellesparkering for minimum 50% av bustadane. - Akebakke i søre del av området skal innarbeidast som fri-område ved detaljregulering.
B014	BYA 30%		Eksisterande	- Einebustad/tomannsbustad. - Bygg skal ha maks gesimshøgd 5 m.
B015				

Delområde 4 - Nordoppdalen – Torskangerpollen – Vågsvåg – Holvik - Halmes

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B016-2	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Einebustad/tomannsbustad. - Bygg skal ha maks gesimshøgd 5 m.

B016-1	BYA 30%	Ja	Eksisterande	- Plankrav vert stilt på grunn av aktsemdsone for snøskred. - Einebustad/tomannsbustad. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B016-3				
B017-1	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Plankrav vert stilt på grunn av aktsemdsone for snøskred. - Einebustad/tomannsbustad - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B017-3				
B017-2	BYA 30%	ja	Eksisterande	- Einebustad/tomannsbustad - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B018	BYA 35%	ja	Eksisterande	- Plankrav vert stilt på grunn av aktsemdsone for snøskred. - Einebustad/tomannsbustad kan oppførast på allereie frådelt tomter. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B019	BYA 35%	ja	Eksisterande	- Plankrav vert stilt på grunn av aktsemdsone for snøskred. - Einebustad/tomannsbustad kan oppførast på allereie frådelt tomter. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B020-1	BYA 35%	Ja – ved frådelling av nye tomter	Eksisterande	- Einebustad/tomannsbustad kan oppførast på allereie frådelt tomter. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B020-2	BYA 35%	ja	Eksisterande	- Plankrav vert stilt på grunn av aktsemdsone for snøskred. - Einebustad/tomannsbustad kan oppførast på allereie frådelt tomter. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m. - Innanfor B020-3 er det ikkje tillate med tiltak på den historiske steingarden, anna enn istandsetjing i samsvar med tradisjonelle material og byggeteknikkar.
B020-3				
B020-4				
B021		Ja	Framtidig	- I området kan det regulerast til einebustad/tomannsbustader. - I reguleringsarbeidet må det gjerast ei vurdering av kapasitet på fv 5815.
B022-1	BYA 35%	ja	Eksisterande	- Plankrav vert stilt på grunn av aktsemdsone for snøskred. - Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B022-2				
B024				
B025-1	BYA 35%	nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B025-2				
B026	BYA 30%	nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B027				
B067		Ja	Framtidig	- I området kan det regulerast til einebustad/tomannsbustader. - I reguleringsarbeidet må det gjerast ei vurdering av kapasitet på fv 5815.

Delområde 5 - Måløy

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B028-1			Eksisterande	PlanID 20200103 gjeld for dette området.
B028-2	BYA 30%	Nei	Eksisterande	

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B028-3				- Eksisterande utbyggingsmønster skal vidareførast, slik at det blir teke omsyn til utsiktsforhold for bakanforliggende bustader. - Bygg med møne skal ha maks høgde på 9 m, bygg utan møne skal ha maks geimshøgde 7m, føresett at ein kan dokumentere at ein tek i vare eksisterande utbyggingsmønster. - Det kan nyttast terrengmurar for å oppnå gode uteopphaldsareal, føresett at ein følgjer landskapet og kringliggende tomter i gateløpet.
B029				
B030	BYA 40%	Ja	Framtidig	- Einebustad, to-mannsbustad/rekkehus. - Variert utbyggingsmønster
B031				
B032	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Eksisterande utbyggingsmønster skal vidareførast, slik at det blir teke omsyn til utsiktsforhold for bakanforliggende bustader. - Bygg med møne skal ha maks høgde på 9 m, bygg utan møne skal ha maks geimshøgde 7m, føresett at ein kan dokumentere at ein tek i vare eksisterande utbyggingsmønster. - Det kan nyttast terrengmurar for å oppnå gode uteopphaldsareal, føresett at ein følgjer landskapet og kringliggende tomter i gateløpet.
B034	BYA 50%	Ja	Framtidig	- To-firemannsbustad/rekkehus. - Variert utbyggingsmønster.
B035	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Eksisterande utbyggingsmønster skal vidareførast, slik at det blir teke omsyn til utsiktsforhold for bakanforliggende bustader. - Bygg med møne skal ha maks høgde på 9 m, bygg utan møne skal ha maks geimshøgde 7m, føresett at ein kan dokumentere at ein tek i vare eksisterande utbyggingsmønster. - Det kan nyttast terrengmurar for å oppnå de uteopphaldsareal, føresett at ein følgjer landskapet og kringliggende tomter i gateløpet.
B036				
B037	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje fradelast fleire tomter. - Einebustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgd 6 m.

Delområde 6 - Husevågøy – Grindøy - Gangsøy

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B038	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgd 6 m.

Delområde 8 - Osmundsvåg – Hjarteneset – Saltkjel - Trollebø

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B039	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Plankrav vert stilt på grunn av aktsemdsone for snøskred. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgd 6 m.

Delområde 9 - Kulen – Deknepollen - Myrane

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B041	BYA 45%	Ja	Framtidig	- To-firemannsbustad/rekkehus. - Variert utbyggingsmønster
B042	BYA 35%	Nei	Eksisterande	- Einebustad/tomannsbustad/rekkehus - Bygg skal ha maks gesimshøgd 6 m.
B043	BYA	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje fradelast fleire tomter.

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
	35%			- Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B044-1	BYA 25%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter, men det kan oppførast bustadar på allereie frådelte tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B044-2	BYA 25%	Nei	Eksisterande	
B044-4	BYA 25%	Ja	Eksisterande	- Plankrav på grunn av aktsemdssone for skred. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B044-3		Nei	Eksisterande	PlanID 1439200402 gjeld for dette område etter føresetnadane i punkt 9.19
B045-1	BYA 35%	Nei	Eksisterande	- Einebustadar, to-mannsbustad. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B045-2	BYA 35%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B045-3				
B047	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter eller oppførast nye bustadar innafor områda. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B048				
B049				
B050				
B051				
B052				
B053	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Småhus, kjedehus, rekkjehus. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B065	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.

Delområde 10 - Blålid - Okshola - Tennebø - Skavøypollen - Nygård - Grønnevik/Evja

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B054	BYA 40%	Ja	Framtidig	- To-firemannsbustad/rekkehus. - Variert utbyggingsmønster - Eksisterande turstigar må sikrast og takast vare på. - Det må kartleggast kva beiteinteresser som finns i området, og om det er viltområde innanfor/tilgrensande området.
B055-1	BYA 30%	Ja	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter eller oppførast fleire bustadar innafor området. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B055-2	BYA 30%	Nei	Eksisterande	
B056-1	BYA 30%	Ja	Eksisterande	- Plankrav på grunn av omsynssone for skred. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B056-3				
B056-5				
B056-7				
B056-9				
B056-11				
B056-12				
B056-2	BYA 30%	nei	Eksisterande	- Einebustadar/tomannsbustadar. - Det kan frådelast inntil 3 nye tomter, føresett at desse kan etablerast slik at dei ligg utanom omsynssone for støy. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B056-4				
B056-6				
B056-8				
B056-10				
B057	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B058	BYA 30%	ja	Eksisterande	- Plankrav på grunn av omsynssone for skred. - Einebustadar/tomannsbustadar.
B059				

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
				Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B060		Ja	Framtidig	- Må regulerast saman med SH016 og ny gangtilkomst over Straumen. - Einebustad, tomannsbustad/rekkehus. - Variert utbyggingsmønster - Eksisterande turstiar må sikrast og takast vare på. - Det må kartleggast kva beiteinteresser som finns i området, og om det er viltområde innanfor/tilgrensande området. - I arbeidet med reguleringsplanen skal det utarbeidast detaljert vurdering for funksjonell strandsone.
B066	BYA 0%	Nei	Framtidig	Området kan nyttast til uteareal i tilknytning til eksisterande bustadar.

Delområde 12 - Evja/Djupevik –Vemmelsvika – Verpeidet – Falkevik - Almenning - Brunsvik

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B061-1	BYA 30%	Ja	Eksisterande	- Plankrav på grunn av aktsemdssone for skred. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5,5 m.
B061-2				
B061-3				
B061-4				
B061-3	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5,5 m.
B063	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B064	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.

Delområde 16 - Svanøy

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B202	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar i rekke. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B204	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.
B222	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustadar/tomannsbustadar. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5 m.

Delområde 17 - Seljestokken - Haukå - Norddalsfjorden

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B203		Ja	Eksisterande	Plankrav vert stilt på grunn av aktsemdssone for naturfare.

Delområde 18 - Rota – Grov – Tonheim – Storebru/Løkkebø

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B211	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustad. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B218	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast fleire tomter. - Einebustad/tomannsbustad.

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B219	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m. - Det kan ikkje fradelast fleire tomter. - Einebustad/tomannsbustad. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.

Delområde 19 - Nytingnes- Sandvika - Seljeset – Holmesund - Hopen – Barlindbotn - Leirvåg

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B221			Eksisterande	PlanID 140120100105 er gjeldande for området.

Delområde 21 - Stavang

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B207	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje fradelast fleire tomter. - Einebustad. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B209	BRA= 250m ²	Nei	Eksisterande	- Maks tomtestorleik er 1,5 daa. - Einebustadar/tomannsbustadar - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5,5 m. - Innanfor kvart område kan det fradelast og oppførast inntil 4 bustadar samla utan reguleringsplan.
B213				
B214	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje fradelast fleire tomter. - Einebustad. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B215	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje fradelast fleire tomter. - Einebustad. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.
B217	BRA= 250m ²	Nei	Eksisterande	- Maks tomtestorleik er 1,5 daa. - Einebustadar/tomannsbustadar - Bygg skal ha maks gesimshøgde 5,5 m. - Det fradelast og oppførast inntil 2 bustadar samla utan reguleringsplan.

Delområde 22 - Standal - Svortevik

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
B220	BYA 30%	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje fradelast fleire tomter. - Einebustad. - Bygg skal ha maks gesimshøgde 6 m.

3.3 Fritidsbustader, FB (pbl § 11-7 nr. 1)Generelle føresegner fritidsbustad

Dei generelle føresegnene for fritidsbustad gjeld saman med kapittel 2 så langt det ikkje er gjeve særskilde føresegner innfor det enkelte område.

- Føremålet gjeld byggjeområde for fritidsbustader med tilhøyrande tekniske anlegg, uthus, garasje, parkering, vegar, mindre bryggje/kai, nettstasjon, pumpehus, leikeplassar og anna fellesareal og fradeling til slike føremål. Det går fram av dei særskilde føresegnene kor mange nye einingar som kan oppførast innfor kvart området i planperioden. Utbygging utover det vil krevje detaljregulering.
- I fritidshusområde der utnyttingsgrad og byggehøgde ikkje er fastsett i tabellen under eller i gjeldande reguleringsplanar er maksimal tomtestorleik for fradeling til fritidshus 1 daa. Maks bruksareal er BRA=150m² inkludert uthus/anneks/garasje. På kvar tomt kan det plasserast fritidsbustad med inntil to uthus/anneks/garasje. Fritidsbustad innanfor føremålet kan berre ha 1 etasje, og maks gesimshøgde 4 m. Uthus/anneks/garasje kan ha maks gesimshøgde 3 m. Utbygging utover dette krev reguleringsplan.

- c) Ved plassering og utforming av tomter for fritidsbustader skal det leggjast vekt på å unngå privatisering av strandsone og andre grøntområde som er tilgjengeleg for ålmenta. Ved søknad om byggjeløyve skal dette dokumenterast på situasjonsplan.
- d) I områder som ikkje stettar krav til tilkomst i Forskrift om tømning av slamanlegg, Kinn kommune, skal det ikkje etablerast slamavskiljar.

Delområde 1 - Kråkenes - Kvalheim

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB001	0	Nei	Eksisterande	• Det kan ikkje frådelast nye tomter eller oppførast nye fritidsbustadar innafor området.
FB003	0	Nei	Eksisterande	• Det kan ikkje frådelast nye tomter eller oppførast nye fritidsbustadar innafor området.
FB004-1 FB004-2	0	Nei	Eksisterande	• Det kan ikkje frådelast nye tomter eller oppførast nye fritidsbustadar innafor området.
FB006	1	Nei	Eksisterande	• Det kan frådelast og oppførast 1 ny fritidsbustad innanfor område.
FB007	2	Nei	Eksisterande	• Det kan frådelast og oppførast 2 ny fritidsbustad innanfor kvart område FB007 og FB008.
FB008	2			

Delområde 2 - Refvik – Vedvik – Setra - Halsør

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB011	0	Nei	Eksisterande	• Det kan ikkje frådelast nye tomter eller oppførast nye fritidsbustadar innafor området.
FB013	1	Nei	Eksisterande	• Det kan frådelast og oppførast inntil 1 ny fritidsbustad innanfor område.
FB014		Ja	Eksisterande	• Plankrav på grunn av aktsemd for skredfare.
FB015		Ja	Eksisterande	• Før vidare utbygging må det utarbeidast detaljregulering for området.
FB016	1	Nei	Eksisterande	• Det kan frådelast og oppførast inntil 1 ny fritidsbustad
FB018	1	Nei	Eksisterande	• Det kan frådelast og oppførast inntil 1 ny fritidsbustad
FB026	0	Nei	Eksisterande	• Det kan oppførast fritidsbustad på frådelte tomter. Det kan ikkje frådelast nye tomter innafor området.

Delområde 4 - Nordoppdalen – Torskangerpollen – Vågsvåg – Holvik - Halsnes

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB019	0	Nei	Eksisterande	• Bygga skal ha eit naust- eller sjøhuspreg, og skal difor ikkje ha for mange detaljar. Omgjevnadane kring bygga skal ha eit maritimt preg. Innretningar som solcellepanel, antenne, flaggstenger, utepeis og liknande må oppførast i tilknytning til bygget og skal ikkje forringe det arkitektoniske uttrykket eller dominere hovudintrykket av eit sjøhusmiljø. • Bygg kan oppførast med maks gesimshøgde 6 meter. • Utnyttingsgrada kan maksimalt vere %-BYA=35%. • Bygg kan ha ei maksimal grunnflate på 75 m2

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB020	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast nye tomter eller oppførast nye fritidsbustadar innafor området

Delområde 6 - Husevågøy – Grindøy - Gangsøy

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB021	0	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast nye tomter eller oppførast nye fritidsbustadar innafor området. - Området skal utviklast i samanheng med SH022.
FB027		Nei	Eksisterande	PlanID 1439201306 gjeld for dette området.
FB028	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast nye tomter eller oppførast nye fritidsbustadar innafor området

Delområde 8 - Osmundsvåg – Hjarteneset – Saltkjel - Trollebø

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB022	0	Nei	Eksisterande	Det kan oppførast 1 fritidsbustad innafor området. Det kan ikkje frådelast nye tomter til fritidsbustadar innafor området.
FB023	2	Nei	Eksisterande	Det kan oppførast inntil 2 nye fritidsbustadar innanfor område.

Delområde 12 - Evja/Djupevik –Vemmelsvika – Verpeidet – Falkevik - Almenning - Brunsvik

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB025		Ja	Eksisterande	Før utbygging i området, må det utarbeidast detaljreguleringsplan. Området skal regulerast saman med ABA087
FB029 FB030	1	Nei	Eksisterande Framtidig	Det kan frådelast og oppførast 1 ny fritidsbustad innafor områda totalt.

Delområde 13 - Hovden - Batalden – Fanøy - Vevlingen - Skorpa

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB203	1	Nei	Eksisterande	Det kan frådelast og oppførast 1 ny fritidsbustad innanfor område
FB204 FB205			Eksisterande	PlanID 140120170101 gjeld for desse områda.
FB206	1	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast eller oppførast nye fritidsbustadar innafor områda.
FB207		ja	Eksisterande	
FB208			Eksisterande	PlanID 140119940107 gjeld for dette området
FB209		Ja	Eksisterande	FB209 skal regulerast saman med SH203
FB210	0	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast eller oppførast nye fritidsbustadar innafor område. - Det kan ikkje oppførast nye naust innanfor området. Eksisterande naust kan vedlikehaldas. Dersom eksisterande naust må rivast kan det oppførast nytt naust med same plassering og utforming.
FB211		Ja	Eksisterande	PlanID 140120060120 skal gjelde for dette område, men planen må oppdaterast i samsvar med plan- og bygningslova § 12-4.
FB212		Ja	Eksisterande	Før områda kan byggjast ut, må det utarbeidast detaljreguleringsplan for områda. I detaljreguleringsplanen må det og takast omsyn til tilkomst via sjø. Det skal ikkje lagast veg til områda.
FB213		Ja	Eksisterande	
FB214		Ja	Eksisterande	

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB221	0	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast fritidsbustadar på allereie frådelt tomter. Det kan ikkje frådelast nye tomter innfor området. - Utnyttingsgrad BYA = 30%. - Maks mønehøgde = 7m - Frå tomter som grensar til sjø kan det leggjast flytebrygge
FB285-1	2	Nei	Framtidig	Det kan frådelast og oppførast 2 nye fritidsbustad innanfor område
FB285-2	0	Nei	Framtidig	Det kan ikkje frådelast eller oppførast nye fritidsbustadar innfor område.
FB285-3 FB285-4 FB285-5	0	Nei		- Det kan oppførast fritidsbustadar på allereie frådelt tomter. Det kan ikkje delast frå fleire tomter innfor området. - Maks BRA 130m². - Største mønehøgde målt frå middels eksisterande terreng skal ikkje overstige 4,8 meter. - Det kan opparbeidast veg fram til tomtene, vegbreidd skal vere maks. 2,5 meter.

Delområde 14 - Kinn - Rognaldsvåg - Rekstad - Færøya

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB201	0	Ja	Framtidig	- Plankrav på grunn av skredfare for området, med unntak av tiltak på gbnr 39/30, då det er gjennomført skredfarevurdering for denne eigedomen. - Det kan oppførast fritidsbustadar på allereie frådelt tomter. Det kan ikkje frådelast nye tomter innfor området. - Maks gesimshøgde 5 m.
FB202	4	Nei	Eksisterande	- Det kan frådelast og oppførast totalt 4 nye fritidsbustad innanfor område. - Maks gesimshøgde er 2,7 m. - Det kan opparbeidast gangveg til hyttetomtene med maks breidde 2 m innfor området.
FB219	0	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast fritidsbustadar på allereie frådelt tomter. Det kan ikkje frådelast nye tomter innfor området. - Kvar hytte kan oppførast med maks bruttoareal BRA = 90 m² inkludert - tilhøyrande anlegg som t.d. uthus. - Maks gesimshøgde = 2,70 m
FB220			Eksisterande	PlanID 140119900101 gjeld for dette området.

Delområde 15 - Askrova

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB215		Ja	Eksisterande	- Plankrav på grunn av aktsemd for skred og kulturminne. - Må planleggast saman med SH 248
FB216	1	Nei	Eksisterande	Det kan frådelast og oppførast 1 ny fritidsbustad innanfor område.
FB217	3	Nei	Eksisterande	- Maks T-BRA for kvar hytte = 100 m² inkl. event. uthus m.m. Maks gesimshøgde = 3 m frå planert terreng sitt gjennomsnittsnivå kring bygning. - Det kan opparbeidast veg fram til hyttene, maks breidde 2,5 m.

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
				Alle nye tiltak skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for tilkomst for framtidig utbygging innan same areal.
FB218		Ja	Eksisterande	Det kan ikkje gjerast tiltak i området før det er utarbeidd detaljregulering for området.

Delområde 16 - Svanøy

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB226	0	ja	Eksisterande	- Plankrav på grunn av aktsemdssone for skred. - Det kan ikkje frådelast nye tomter innafor området. - Den samla bygningsmassen på kvar tomt må ikkje overstige BRA 80m2 (inkl. evt. annek, uthus m.m). - På dei frådelt nausttomter kan det oppførast naust i ei etasje med maks BRA 50m2 og maks mønehøgde 5m.
FB227-1 FB227-2		Ja	Eksisterande	FB227 skal regulerast saman med SH212.
FB228-1 FB228-2 FB228-3	2	Nei	Eksisterande	- Det kan frådelast og oppførast 2 ny fritidsbustad innanfor område. - Den samla bygningsmassen på kvar tomt må ikkje overstige BRA = 90 m2 inkludert tilhøyrande anlegg som t.d. uthus. - Maks gesimshøgde = 2,70 m i forhold til planert terreng sitt gjennomsnittsnivå
FB229		Ja	Eksisterande	
FB233-1 FB233-2	1	Nei	Eksisterande	- I tillegg til eksisterande frådelt tomt kan det frådelast 1 ny tomt til fritidsbustad innanfor område. - Den samla bygningsmassen på kvar tomt for fritidsbustad må ikkje overstige BRA = 90 m2 inkludert tilhøyrande anlegg som t.d. uthus. Største mønehøgde målt frå middels kringliggjande terreng skal ikkje overstige 5,5 meter
FB235		Ja	Framtidig	Det må utarbeidast detaljregulering før det kan oppførast fritidsbustadar i området.
FB236			Eksisterande	PlanID 140120050108 er gjeldande for dette området.
FB237	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast eller oppførast nye fritidsbustadar innafor område.

Delområde 17 - Seljestokken - Haukå - Norddalsfjorden

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB222	1	Nei	Eksisterande	Det kan frådelast og oppførast inntil 1 ny fritidsbustad innanfor område.
FB223		Ja	Eksisterande	Det må utarbeidast detaljregulering før det kan oppførast fritidsbustadar i området.
FB251		JA	Eksisterande	Det må utarbeidast detaljregulering før det kan oppførast fritidsbustadar i området.
FB269	0	JA	Eksisterande	Det kan oppførast fritidsbustadar på allereie frådelt tomt, men det kan ikkje frådelast nye tomter innafor området. Skredfare

Delområde 18 - Rota – Grov – Tonheim – Storebru/Løkkebø

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB258	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast eller oppførast nye fritidsbustadar innafor områda..

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB268	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast eller oppførast nye fritidsbustadar innafør område.
FB270	1	Nei	Eksisterande	Det kan frådelast og oppførast inntil 1 ny fritidsbustad innanfor område.
FB271		Ja	Eksisterande	I dette området kan det ikkje frådelast eller oppførast fritidsbustader før området inngår i detaljreguleringsplan.
FB272	0	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området. - Den samla bygningsmasse på kvar hyttetomt må ikkje overstige BRA 80 m² (inkl. eventuelle anneks, uthus, naust m.m.). Bygningar kan berre settast opp i ei høgd.
FB273				
FB275				
FB279				
FB274	1	Nei	Eksisterande	- Det kan frådelast og oppførast 1 ny fritidsbustad innanfor område. - Maks BRA 60m² inkl. anneks/uthus - Maks gesimshøgd 3 m.

Delområde 19 - Nytingnes- Sandvika - Seljeset – Holmesund - Hopen – Barlindbotn - Leirvåg

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB255		Ja	Eksisterande	I desse områda kan det ikkje frådelast eller oppførast fritidsbustader før området inngår i detaljregulering.
FB256				
FB259	0	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast fritidsbustader på allereie frådelte tomter, men det kan ikkje frådelast fleire tomter innafør området. - Den samla bygningsmassen på kvar tomt må ikkje overstige 100m² (inkl. evt.anneks, uthus m.m.)
FB260	0	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast fritidsbustader på allereie frådelte tomter. Det skal ikkje frådelast nye tomter innafør området. - Fritidsbustad kan berre førast opp i ei etasje, med maks grunnflate 80 m².
FB261	0	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør områda. - Maks BRA 130 m² på kvar tomt inkl. anneks/uthus og maks gesimshøgde 2,7 m.
FB262				
FB263	3	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast fritidsbustader på allereie frådelte tomter, og frådelast 3 tomter til innafør området. - Maks. gesimshøgd 3,10 m og maks mønehøgd 6,0 m. - Veranda/oppbygd terrasse skal ikkje vere ei dominerande del av bygninga(ne).
FB264		Ja	Eksisterande	
FB265			Eksisterande	PlanID 140120060107 gjeld for dette området.
FB266	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør områda.
FB267	0	Nei	Eksisterande	Det kan oppførast bygg på dei frådelte tomtene med inntil BRA 90m². Gesimshøgd maks 3,5m.

Delområde 20 - Stavøy – Høydalsfjorden – Ausevik/Høydalen

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB224	0	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast fritidsbustadar på allereie frådelte tomter. Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området. - Frådelte naustomter kan utbyggjast i samsvar med dei generelle føresegnene for naust i punkt 3.10. - Maks areal BYA=100m² for hytter med tillegg av uthus/anneks m.v. som ikkje skal ha grunnflate over 30m².

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
				Maks. mønehøgde ikkje over 6,5m. Grunnmurshøgda skal i gjennomsnitt ikkje vere over 1,0m
FB225		Ja	Eksisterande	
FB230-1 FB230-2 FB230-3 FB230-4 FB230-5 FB230-6 FB230-7 FB230-8 FB230-9	0	Nei	Eksisterande	Det kan oppførast fritidsbustader på allereie frådelt tomter. Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området.
FB231			Eksisterande	PlanID 140120150107 gjeld for desse områda.
FB232				
FB234	0	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast fritidsbustader på allereie frådelt tomter. Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området. - Maks BRA 100m2 inkl. uthus/anneks. - Fritidsbustad kan berre førast opp i ei etasje
FB238		Ja	Eksisterande	I dette området kan det ikkje frådelast eller oppførast fritidsbustader før området inngår i detaljreguleringsplan.
FB239			Eksisterande	PlanID 20200109 gjeld for delar av dette området.
FB242	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området.
FB252	0	Nei	Eksisterande	- Det kan frådelast og oppførast inntil 4 nye fritidsbustadar i området. - Maks BRA 90 m2 inkl. uthus/anneks. Maks gesimshøgde 2,7m
FB282	0	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast fritidsbustadar på allereie frådelt tomter. Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området - Utnyttingsgrad BYA=100m2 for hytter med tillegg av uthus/anneks m.v. som ikkje skal ha grunnflate over 30m2. - Maks mønehøgde 6,0 m
FB283	8	Nei	Eksisterande	- Det kan frådelast inntil 8 nye tomter og oppførast maks 9 nye fritidsbustadar innafør området. - Maks BRA 100 m2 inkludert eventuelle uthus/anneks. - Maks gesimshøgde 5m.
FB284	2	Nei	Eksisterande	- Det kan frådelast maks 2 nye tomter og oppførast maks 5 nye fritidsbustadar innafør området - Maks BYA 15% inkludert eventuelle uthus/anneks. - Maks gesimshøgde 5m.

Delområde 21 - Stavang

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB240	0	Nei	Eksisterande	- Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området. På dei frådelte tomtene kan det oppførast fritidsbustad med inntil BRA 120 m2, inkludert uthus/anneks. - Maks mønehøgde er 6,5 m. - Bygg innanfor området skal ha ei heilskapleg utforming. - Utbyggde/frådelte naustomter kan utbyggjast i samsvar med dei generelle føresegnene for naust i punkt 3.10
FB241	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området.
FB243	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området.

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB244			Eksisterande	PlanID 140120160106 gjeld for dette området.
FB245			Eksisterande	PlanID 140120070101 vert vidareført for dette området, men må reviderast i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 12-4 siste ledd før utbygging. Byggegrense mot sjø viser til plassering av hytter
FB246	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området.
FB247				
FB248	1	Ja, ved frådeling av fleire tomter	Framtidig	Det kan oppførast 1 fritidsbustad på allereie frådelt tomt.
FB249	0	Nei	Eksisterande	Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området.
FB250	0	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast fritidsbustader på allereie frådelt tomter. Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området. - Den samla bygningsmassen på kvar tomt må ikkje overstige BRA 80 m², inkl. evt. anneks, uthus m.m.
FB281 FB286	3	Nei	Eksisterande	- Det kan frådelast inntil 3 nye tomter innafør områda. Samla kan det oppførast inntil 5 nye fritidsbustadar på nye og allereie frådelt tomter innafør områda. - Den samla bygningsmassen på kvar tomt må ikkje overstige BRA 120 m², inkl. evt. anneks, uthus m.m. Maks. gesimshøgde 3,10m. Veranda/oppbygd terrasse skal ikkje vere ei dominerande del av bygninga(ne)
FB276	0	Nei	Eksisterande	Det kan oppførast fritidsbustad på allereie frådelt tomter. Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området.
FB277		Ja	Eksisterande	Det kan ikkje oppførast fritidsbustadar i området før området inngår i detaljreguleringsplan.
FB278	0	Ja, ved frådeling av fleire tomter	Framtidig	Frådelt tomter kan byggjast ut i samsvar med dei generelle føresegnene. Vidare utbygging krev detaljregulering.
FB280		Ja	Framtidig	Det kan ikkje oppførast fritidsbustadar i området før området inngår i detaljreguleringsplan.

Delområde 22 - Standal - Svortevik

Felt namn	Tal nye tomter	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FB254	0	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast fritidsbustader på dei frådelt tomtenes. Det kan ikkje frådelast nye tomter innafør området. - Den samla bygningsmassen på kvar tomt må ikkje overstige 120 m², inkl. evt. anneks, uthus m.m.

3.4 Sentrumsføremål, SF (pbl § 11-7 nr. 1)Generelle føresegner sentrumsføremål

Dei generelle føresegnene for sentrumsføremål gjeld saman med kapitel 2 så langt det ikkje er gjeve særskilde føresegner innafør det enkelte område.

- a) Føremålet gjeld byggjeområde sett av til sentrumsføremål med tilhøyrande sentrumsfunksjonar som bustad, infrastruktur, forretning, kontor, offentleg tenesteyting og kulturtilbod. Kombinasjonsbygg for kontor/forretning/bustad er tillate dersom ein kan dokumentere tilfredsstillande bukvalitet i høve mellom anna støy og uteoppfallsareal. Det er ikkje tillate med arealkrevjande næring.

- b) Innan sentrumsføremål skal bygg som vender seg mot offentlig infrastruktur, som gater og plassar ha publikumstretta funksjonar på bakkeplan, når dette ikkje er i strid med kvalitetskrav for innvendige bruksareal. Inngang og fasade skal vere inviterande og skal vende mot gata med store lysopningar som syner aktivitet sett frå gata. Integrerte parkeringsanlegg skal ikkje vende mot hovudgater/ handlegater.
- c) Ved utbygging innafor sentrumsføremålet skal ein leggje vekt på opparbeiding av grøntareal og tilkomst til sjøfronten. Strandsona skal som hovudregel være tilgjengeleg for ålmenta.
- d) I handelsingater skal nye bygg ha ei utforming som harmonerer med bygg innan same kvartal, dersom dette ikkje strider mot føresegnene i punkt 2.12.

Delområde 3 - Raudeberg - Skårastranda

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SF001-1	BYA 70%	Ja, ved bruks- endring/ nybygging	Framtidig	
SF001-2				

Delområde 4 - Nordoppdalen – Torskangerpollen – Vågsvåg – Holvik – Halmes

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SF002	BYA 70%	Ja, ved bruks- endring/ nybygging	Eksisterande	Bygg kan ha maks gesimshøgde 8m.

Delområde 5 - Måløy

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SF003-1 SF003-2		Ja	Eksisterande	- PlanID 1439201704 og 1439201204 skal gjelde. - Ved utarbeiding av nye reguleringsplanar innanfor området skal det leggjast særskild vekt på tilrettelegging for hekking for sjøfugl.
SF003-3				- I området kan det være næringsaktivitet mot NÆ015. - Mot gate 1 er det ikkje krav om publikumsaktivitet, men fasaden mot gata i første etasje må være inviterande med lysopningar som syner aktivitet.
SF005		Ja	Framtidig	Ved utarbeiding av nye reguleringsplanar innanfor området skal det leggjast særskild vekt på tilrettelegging for hekking for sjøfugl.
SF006			Eksisterande	PlanID 20220101 gjeld for dette området.
SF007		Ja	Framtidig	

3.5 Forretning, FOR (pbl § 11-7 nr.1)Generelle føresegner forretning

Dei generelle føresegnene for forretning gjeld saman med kapitel 2 så langt det ikkje er gjeve særskilte føresegner innafor det enkelte område.

- a) Føremålet omfattar kunderetta verksemd innan detalj -og daglegvarehandel, spesialforretningar, servering, teneste, kontor, handverksbedrifter samt varelager og utstillingsrom som tener forretningsverksemda.
- b) Før nærings- og forretningsareal aust for riksveg 15 kan byggjast ut, må oppgradert vegnett som tener FOR003, FOR004, FOR005, NÆ034, KS001 og GKG003 samt T-kryssløysing mot riksveg 15 vere detaljregulert, der mellom anna rekkjefølgjekrav i høve utbygging vert detaljert.
- c) Publikumsretta funksjonar skal vere utforma slik at inngang og fasade er inviterande med store lysopningar som syner aktivitet.

Delområde 9 - Kulen – Deknepollen - Myrane

Felt namn	Utnytt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FOR001		Ja	Eksisterande	
FOR002		Ja	Eksisterande	
FOR003		Ja	Framtidig	
FOR004		ja	Eksisterande	
FOR005		Ja	Framtidig	
FOR006		Ja	Eksisterande	
FOR007		Ja	Framtidig	

3.6 Kjøpesenter, KS (pbl §11-7 nr.1)Generelle føresegner kjøpesenter

Dei generelle føresegnene for forretning gjeld saman med kapitel 2 så langt det ikkje er gjeve særskilte føresegner innafor det enkelte område.

- a) Føremålet omfattar detaljhandel, servering, tenesteyting og andre næringsverksemdar som høyrer naturleg inn under eit kjøpesenter. Det kan også opnast for kontor, helse- og veveretilbod, samt tilbod innan kultur og aktivitet. Innvendig ombygging????
- b) Bygg skal vere utforma slik at inngang og fasade er inviterande med store lysopningar som syner aktivitet.
- c) Før nærings- og forretningsareal aust for riksveg 15 kan byggjast ut, må oppgradert vegnett som tener FOR003, FOR004, FOR005, NÆ034, KS001 og GKG003 samt T-kryssløysing mot riksveg 15 vere detaljregulert, der mellom anna rekkjefølgjekrav i høve utbygging vert detaljert.

Delområde 9 - Kulen – Deknepollen - Myrane

Felt namn	Utnytt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
KS001		Ja	Eksisterande	

3.7 Offentleg eller privat tenesteyting, T (pbl § 11-7 nr. 1)**Generelle føresegner offentlig eller privat tenesteyting**

Dei generelle føresegnene for offentlig eller privat tenesteyting gjeld saman med kapitel 2 så langt det ikkje er gjeve særskilte føresegner innafor det enkelte område.

- a) Føremålet omfattar samfunnsteneste, som kyrkje, skule, barnehage, helse -og omsorgsinstitusjonar, brannstasjon, teneste innan kultur, kulturformidling, tilhøyrande service, samfunnshus, kommunal miljøstasjon, vassverk og lager.
- b) Innafor områda er det krav om ei heilskapleg arealutvikling i samsvar med føremålet. Ved søknad om nye tiltak skal det dokumenterast kvalitet og utforming på arealet i samsvar med aktiviteten innafor området. Områda kan nyttast i samsvar med dagens bruk som går fram av tabellane under. Ved større endringar/utbyggingar må det vurderast om det skal utarbeidast reguleringsplan, jf. punkt 2.1.
- c) Skule, barnehage, eldreomsorg, omsorgsbustad, kyrker, religiøse samlingsstader:
 - Ved planlegging, vidareutvikling og prosjektering skal det leggjast særleg vekt på tilhøva til mjuke trafikkantar i alle ledd. Det skal leggjast stor vekt på klåre og trafikktrygge løysingar for både gåande, syklende og køyrande. Utforming og fasilitetar skal gje insentiv til auka bruk av miljøvenlege framkomstmåtar.
 - Bygg og uteområde skal ha tilkomst som sikrar tilgjenge på ein likestilt og inkluderande måte.
 - Uteområde skal vere av høg kvalitet og invitere til opphald.

Delområde 2 - Refvik – Vedvik – Setra - Halsør

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_T001	Ja	Eksisterande	• Miljøstasjon.

Delområde 3 - Raudeberg - Skårastranda

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_T002		Eksisterande	• Kyrkje og gravplass.
o_T003	Ja	Framtidig	• Barnehage og omsorgssenter
o_T004		Eksisterande	
o_T035	Ja ved bruksendring	Eksisterande	• Skule. Ved endra behov, kan området omdisponerast til bustad. Det må då utarbeidast detaljregulering for områda samla. Eksisterande opparbeidd leikeområde skal vidareførast som offentlig tilgjengeleg område.

Delområde 4 - Nordoppdalen – Torskangerpollen – Vågsvåg – Holvik - Halmes

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
T005	Nei	Eksisterande	• Institusjon.
o_T009	Nei	Eksisterande	• Vågsberget, området vert brukt til museum. Krav i høve bandlegging etter kulturminnelova må følgjast, jf. punkt 9.11.
o_T010	Nei	Eksisterande	• Barnehage.

Delområde 5 - Måløy

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_T012	Nei	Eksisterande	• Vågsøy ungdomsskule.
o_T013	Nei	Eksisterande	• Omsorgssenter
o_T014	Nei	Eksisterande	• PlanID 4602_20210101 gjeld for dette området.

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_T015	Nei	Eksisterande	• Omsorgsbustadar
o_T016	Nei	Eksisterande	• Vassanlegg
o_T017	Nei	Eksisterande	• Trollskogen barnehage og idrettsanlegg
o_T018	Nei	Eksisterande	• Sør- Vågsøy kyrkje
o_T019	Ja	Framtidig	• Område kan fyllast ut i sjø som vist på plankart, der formålsgrænse mot sjø ligg på kote 0 (NN2000). • Området skal nyttast til brannstasjon, beredskapsaktivitetar, lager for vedlikehaldsutstyr, samt liknande type aktivitetar, med tilhøyrande funksjonar. Anleggsarbeid i perioden midten av mars til juni (hekketid for Krykje) skal unngåast. • Utnyttingsgrad % BYA=80%. Maks byggjehøgde er gesimshøgde 12m frå gjennomsnittleg planert terreng • Kultur- og friluftslivsverdiar på Måløyna må takast i vare.

Delområde 8 - Osmundsvåg – Hjarteneset – Saltkjel - Trollebø

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
T020	Nei	Eksisterande	• Ulvesund Fyr – museumsaktivitet, servering. Området kan utviklast i samsvar med føremålet. Bygningsmassen skal takast vare på, jf krav i høve bandlegging etter kulturminnelova må følgjast, jf. punkt 9.11.

Delområde 10 - Blålid - Okshola – Tennebø – Skavøypollen – Nygård – Grønnevik/Evja

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_T024	Nei	Eksisterande	• Skavøypoll skule.
o_T025	Ja	Eksisterande	• Måløy Vidaregåande skule • Plankrav på grunn av aktsemdssone for skred.
o_T026	Ja	Eksisterande	• Måløy Vidaregåande skule
o_T034	Ja	Framtidig	• Utviding av Måløy Vidaregåande skule • Ved utarbeiding av reguleringsplan må viktige friluftsverdiar ivaretakast. • Det må takast omsyn til ubygd strandsone. • Det må gjerast vurderingar av visuelle nær-/fjernverknader av tiltaket for omkringliggande område. • Det må gjerast utgreiingar av verknadene for den registrerte naturtypen.

Delområde 12 - Evja/Djupevik –Vemmelsvika – Verpeidet – Falkevik - Almenning - Brunsvik

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
T033	Ja	Eksisterande	• Plankrav på grunn av aktsemd for skred • Grendahus.

Delområde 14 - Kinn - Rognaldsvåg - Rekstad - Færøya

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_T201	Nei	Framtidig	• Kinn kyrkje. Krav i høve bandlegging etter kulturminnelova må følgjast, jf. punkt 9.11 og 9.13 • Nytt sanitæranlegg må utformast slik at det innordnar seg kyrkja og omkringliggande kulturmiljø og landskap, jf. retningslinjer for omsynssone for friluftsliv punkt 9.7 og omsynssone for landskap, punkt 9.9, samt bandlegging etter kulturminnelova punkt 9.11 og 9.13. Dokumentasjon på dette skal følgje byggesaka.
o_T202		Eksisterande	

Delområde 16 - Svanøy

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
T203	Nei	Eksisterande	• Svanøy Hovudgard.

Delområde 17 - Seljestokken - Haukå - Norddalsfjorden

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_T207	Nei	Eksisterande	• Kyrkje.

Delområde 18 - Rota – Grov – Tonheim – Storebru/Løkkebø

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_T208	Ja, ved større utbygging.	Eksisterande	- Miljøstasjon - Det kan oppførast mindre bygg, inntil 200 m² samla knytt til føremålet. Større utbygging krev detaljregulering.

Delområde 20 - Stavøy – Høydalsfjorden – Ausevik/Høydalen

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_T206	Nei	Eksisterande	• Helleristningsfelt med tilhøyrande anlegg for besøkande. Krav i høve bandlegging etter kulturminnelova må følgjast, jf. punkt 8.11

Delområde 21 - Stavang

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_T204	Nei	Eksisterande	• Stavang kyrkje
o_T205	Nei	Eksisterande	• Stavang skule. Ved endra behov, kan området omdisponerast til bustad. Det må då utarbeidast detaljregulering for områda samla. Eksisterande opparbeidd leikeområde skal vidareførast som offentlig tilgjengeleg område.

3.8 Fritids- og turistformål, FTU (pbl § 11-7 nr. 1)Generelle føresegner fritids- og turistformål

Dei generelle føresegnene for fritids- og turistformål gjeld saman med kapittel 2 så langt det ikkje er gjeve særskilde føresegner innafor det enkelte område.

- Formålet gjeld byggjeområde for fritids- og turistføremål med tilhøyrande tekniske anlegg, uthus, garasje, parkering, vegar, mindre bryggje/kai som ligg nærare hovudbygning enn 25m, nettstasjon, pumpehus og frådelling til slike føremål. Føremålet omfattar utleigehytter, camping og andre typar overnattingsanlegg.
- I område for fritids- og turistføremål der utnyttingsgrad ikkje er fastsett i gjeldande planar eller i tabellane under er maksimalt tillat bruksareal BRA=250m². Maksimal utvendig gesimshøgde er 6,5 m. Utbygging utover dette krev reguleringsplan. Tiltak skal innpassast i eksisterande struktur og underordne seg eksisterande bygg når det gjeld høgde og volum.

Delområde 2 - Refvik – Vedvik – Setra - Halsør

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FTU002	BRA 30m ² pr eining	Nei	Framtidig	• Utleigehytter. Det kan oppførast inntil 4 utleigehytter føreset at det ikkje er behov for vegtilkomst, eller utsleppsløyve.

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
				Hyttene skal plasserast slik at dei ikkje gjev terrenginngrep, til dømes på stolpar.
FTU007		Nei	Eksisterande	- Område for campingutleige. Det er ikkje lov med faste installasjonar eller faste campingplassar. - Eksisterande sanitærbygg kan utbetrast og utvidast (og eventuelt flyttast), føresett at det kan dokumenterast trygg byggegrunn og at utvidinga/endinga er tilpassa naturinteressene på Refviksanden.

Delområde 8 - Osmundsvåg – Hjarteneset – Saltkjel - Trollebø

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FTU004	BYA 30%	Nei	Framtidig	- Eksisterande bygningsmasse kan bruksendrast og eventuelt utvidast til turisme/overnatting. - Det skal leggjast vekt på god arkitektonisk utforming og landskapstilpassing ved ombygging/nybygg. - Maks gesimshøgde 7m.

Delområde 10 - Blålid - Okshola – Tennebø – Skavøypollen – Nygård – Grønnevik/Evja

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FTU005		Ja, oppføring av nye utleigehytter.	Eksisterande	- Etablert campingplass, med utleigehytter. - Eksisterande bygningsmasse og areal for camping kan utviklast og vedlikehaldas. Det kan ikkje etablerast fleire utleigehytter utan ny detaljregulering.

Delområde 12 - Evja/Djupevik –Vemmelsvika – Verpeidet – Falkevik - Almenning - Brunsvik

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FTU003	BRA 100m2 pr eining	Nei	Framtidig	Innafor området kan det etablerast inntil 2 utleigehytter. Desse skal etablerast ved ombygging av eksisterande bygg og ved nybygging på eksisterande tuft frå tidlegare uthus.
FTU006		Ja, ved oppføring av nye utleigehytter.	Eksisterande	- Etablert campingplass, med utleigehytter. - Eksisterande bygningsmasse og areal for camping kan utviklast og vedlikehaldas. Det kan ikkje etablerast fleire utleigehytter utan ny detaljregulering.

Delområde 13 - Hovden - Batalden – Fanøy - Vevlingen - Skorpa

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FTU218-1 FTU218-2 FTU218-3 FTU218-4 FTU218-5	20 m ² BRA pr eining	Nei		- Utleigehytter. Det kan oppførast inntil 4 utleigehytter føresett at det ikkje er behov for vegtilkomst, eller utsleppsløye. - Hyttene skal plasserast slik at dei ikkje gjev terrenginngrep, til dømes på stolpar/pelar.
FTU221	BYA 170 m ²	Nei	Framtidig	- Eksisterande bygg nyttast utleigeverksemd. - Det kan byggjast på ei etasje. - Bygget kan hevast ved behov for å stette krav til trygg byggegrunn i høve flaum.

Delområde 15 - Askrova

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FTU201	BRA 250m2	Nei	Eksisterande	Området kan nyttast til bygg for overnatting og turisme, med tilhøyrande tekniske anlegg.

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
				Bygg skal ha mønehøgd på maks 7,0 m og gesims på maks 5,0 m.
FTU202	BRA 350m ²	Nei	Eksisterande	- Området kan nyttast til bygg for overnatting og turisme, med tilhøyrande tekniske anlegg. - Bygg skal ha mønehøgd på maks 7,0 m og gesims på maks 5,0 m. - Ved utbygging skal det ikkje gjerast inngrep i høgste høgdedraget i område. Dette skal dokumenterast ved byggesøknad.
FTU203		Ja	Eksisterande	Område kan nyttast til utleigeeiningar (rorbu).
FTU204		Ja	Eksisterande	- Område kan nyttast til utleigeeiningar (rorbu).Eksisterande bygningsmasse kan utviklast og vedlikehaldas. - Det kan ikkje etablerast fleire utleigeeiningar utan ny detaljregulering
FTU205		Ja	Eksisterande	Område kan nyttast til utleigeeiningar (rorbu). Området må sjåast i samanheng med SH206

Delområde 16 - Svangøy

Felt namn	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
FTU219		Ja	Eksisterande	FTU219 skal regulerast saman med FTU220, NÆ218 og NÆ219.
SH025	Nei	Eksisterande	Det kan leggjast ut flytebrygge. Ved etablering av nye flytebrygger/ending av eksisterande flytebrygger skal desse leggjast utanom område for ålegras, H560_2.
SH026	Nei	Eksisterande	- Ved etablering av nye flytebrygger/ending av eksisterande flytebrygger skal desse leggjast utanom område for ålegras, H560_2. - Området skal utviklast i samanheng med ABA115.
SH027	Nei	Eksisterande	- Det kan leggjast ut flytebrygge i området. - Området må utviklast i samanheng med ABA116.
SH028	Nei	Eksisterande	Området kan nyttast som hamneområde for NÆ041-1 og NÆ041-2, samt område for småbåtanlegg i sjø.

Delområde 13 - Hovden - Batalden – Fanøy - Vevlingen - Skorpa

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH203	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH204	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH205	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH223	Nei	Eksisterande	PlanID 140120060120 gjeld for dette området.
SH228	Ja	Framtidig	Før det kan gjerast tiltaka i område må det utarbeidast detaljregulering.
SH234	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH241	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
	Nei	Framtidig	Eksisterande hamneområde for småbåtar.

Delområde 14 - Kinn - Rognaldsvåg - Rekstad - Færøya

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH201	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH202	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Område kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene, må sjåast i samanheng med ABA206-208.
SH229	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH238	Ja, ved fylling/ muddring i sjø	Eksisterande	- Det kan leggjast ut felles flytebrygge innfor område utan detaljreguleringsplan. Området skal utviklast i samanheng med naustområde ABA2394 - Dersom det er behov for fylling/molo/muddring i sjø må det utarbeidast detaljregulering..
SH240	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Område kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene, må sjåast i samanheng med ABA209.
SH256	Nei	Framtidig	SH256 skal utviklast i samanheng med ABA235

Delområde 15 - Askrova

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH206	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Område kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene, må sjåast i samanheng med ABA227. UTVIDA LITT - KU
SH207	Ja	Eksisterande	- Plankrav på grunn av aktsemdsområde for skred. - Eksisterande hamneområde for småbåtar. Område kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene, må sjåast i samanheng med ABA203
SH208	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Område kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene, må sjåast i samanheng med ABA201.
SH236	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH247	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Område kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene, må sjåast i samanheng med ABA222.
SH248	Ja	Framtidig	Framtidig SH-område må utviklast i samanheng med FB215, og reguleringsplan skal mellom anna løyse tilkomst mellom FB215 og SH248 (kryssing av bilvei for mjuke trafikantar).

Delområde 16 - Svangøy

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH212	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH213	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH214	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Område kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene, og må sjåast i samanheng med ABA219.
SH224	Nei	Framtidig	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH245	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH246	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH249	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH251	Ja	Framtidig	Nytt hamneområde for småbåtar. Det kan etablerast molo
SH252	Ja	Framtidig	Nytt hamneområde for småbåtar. Det kan etablerast molo
SH250	Nei	Framtidig	Eksisterande anlegg for småbåtar.

Delområde 17 - Seljestokken - Haukå - Norddalsfjorden

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH209	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar, skal utviklast i samanheng med ABA217. Dersom det skal fyllast i sjø eller byggast molo må det utarbeidast detaljreguleringsplan der desse to områda vert sett i samanheng.
SH210	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Området må sjåast i samanheng med ABA211.
SH211	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Område må sjåast i samanheng med ABA210.

Delområde 18 - Rota – Grov – Tonheim – Storebru/Løkkebø

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH216	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH257	Nei	Eksisterande	- Område for småbåtanlegg, skal sjåast saman med ABA238. Området kan ikkje utbyggast før det er lagt fram veg til området - PlanID 140120110106 gjeld for dette område etter føresetnadane i punkt 9.19.

Delområde 19 - Nytingnes- Sandvika - Seljeset – Holmesund - Hopen – Barlindbotn - Leirvåg

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH218	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Område må sjåast i samanheng med ABA223.
SH217	Nei	Eksisterande	Eksisterande område for småbåtanlegg.
SH225	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH227	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH231	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Området må sjåast i samanheng med NÆ209.

Delområde 20 - Stavøy – Høydalsfjorden – Ausevik/Høydalen

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH221	Nei	Eksisterande	- Eksisterande småbåtanlegg. Området kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene, men det kan ikkje oppførast fleire bygg innafor området. - Det er tillate å legge ut flytebrygger innafor eksisterande molo.
SH230	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.
SH233	Nei	Eksisterande	- Eksisterande småbåtanlegg. Området kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene, men det kan ikkje oppførast fleire bygg innafor området. - Det er tillate å legge ut flytebrygger i Skutevågen innafor eksisterande molo.
SH255	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar.

Delområde 21 – Stavang

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH219	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar..
SH220	Ja	Eksisterande	PlanID 140120070101 vert vidareført for dette området, men må reviderast i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 12-4 siste ledd før utbygging.
SH222		Eksisterande	
SH232		Eksisterande	
SH235		Eksisterande	Områda må inngå i detaljregulering saman med KBA208 før det kan gjerast nye tiltak.
SH239			
SH244	Nei	Eksisterande	Eksisterande småbåtanlegg. Området kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene.
SH258	Nei	Eksisterande	- Området skal utviklast i samanheng med ABA 240. - Det kan leggjast ut flytebrygge innafor området. Anlegget skal ikkje vere til hinder for almen ferdsel

Delområde 22 - Standal – Svortevik

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
SH242	Ja	Eksisterande	Området er ikkje utbygd. Det må utarbeidast detaljregulering før det kan gjerast tiltak innfor området.
SH243	Nei	Eksisterande	Eksisterande hamneområde for småbåtar. Område kan utviklast i samsvar med dei generelle føresegnene, må sjåast i samanheng med ABA226.

6.7 Fiske, FI (pbl § 11-7 nr. 6)

- I fiskeområda har fiske prioritet. I områda er det ikkje tillate med tiltak som hindrar eller er til ulempe for fiske, under dette kablar, røyr, flytebrygger, plassering av anlegg, fortøyingsinnretningar og dumping.
- Faste installasjonar som er til hinder for utøving av fiske er ikkje tillate.

6.8 Akvakultur, AKV (pbl § 11-7 nr. 6)Generelle føresegner akvakultur

- Føremålet omfattar akvakulturanlegg med tilhøyrande installasjonar som er naudsynt for drift av anlegget som td. forflåter, installasjonar for slamhandtering, anlegg for energiforsyning mm.
- Akvakulturanlegg med installasjonar skal lokalisast slik at overflata av anlegga ligg innanfor avsett areal.

- c. Planen opnar ikkje for tiltak som kan forverre miljøtilstand i resipient/vassførekomst, og som kan redusere bestandstilstanden til vill anadrom fisk (laks og sjøaure), jf. pbl. §11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for villaks). Tiltak kan heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.
- d. Med bakgrunn i at nasjonale miljøstandardar alt er overskridne innanfor kommunen sine sjøareal, kan tiltak etter særlover berre tillatast dersom aktiviteten kan skje utan forverring av miljøtilstand (PBL § 11-9, nr. 6).
- e. Fortøyingar for akvakultur kan tillatast i vass-søyla utanfor avsett areal til akvakultur dersom desse ligger djupare enn kote minus 10 meter, og ikkje kjem i konflikt med fiske, ferdsel eller farlei. Dette gjeld fortøyingar frå akvakulturanlegg i nabokommunane òg.
- f. Tiltak som ringar, forflåter og liknande må etablerast utanfor fareområde for skred.

Delområde 6 - Husevågøy - Grindøy - Gangsøy

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV004	Bleket	Framtidig	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV007	Krabbestig	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk

Delområde 7 - Silda

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV009	Silda	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk

Delområde 8 - Osmundsvåg - Hjarteneset - Saltkjel - Trollebø

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV011	Saltkjelvika	Eksisterande	Arts-avgrensing: Gjeld berre for makrellstørje. Området kan ikkje takst i bruk før det er utarbeidd detaljreguleringsplan. I detaljreguleringsplan må det sjåast på sannsyn for skipsulykker i tillegg til momenta i kap. 2

Delområde 12 - Evja/Djupevik -Vemmelsvika - Verpeidet - Falkevik - Almenning - Brunsvik

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV014	Verpeide	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV017	Verpeide	Framtidig	Fortøying må etablerast slik at dei ikkje kjem i konflikt med nærliggande ankringsområde, VAO. Det er plankrav for nye tiltak i AKV014 på grunn av omsynssone for jord- og flaumskred.
AKV015	Brunsvik	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk.
AKV016		Framtidig	

Delområde 13 - Hovden - Batalden - Fanøy - Vevlingen - Skorpa

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV201	Hovden	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk Fortøyingar må plasserast slik at dei ikkje kjem i konflikt med bruk av hovudleia.
AKV202	Grunnsøya	Framtidig	Arts-avgrensing: Ikkje torsk Utviding AKV203.
AKV203	Grunnsøya	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV204	Langerå	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV227	Aralden	Framtidig	Arts-avgrensing: Ikkje torsk

Delområde 14 - Kinn - Rognaldsvåg - Rekstad - Færøya

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV206	Flåtegrunnen	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV207	Flåtegrunnen	Framtidig	Arts-avgrensing: Ikkje torsk Utviding AKV206

Delområde 15 - Askrova

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV210	Oddane	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV235	Stavfjorden	Framtidig	Arts-avgrensing: Ikkje torsk

Delområde 16 - Svanøy

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV211	Gnarnesvika	Eksisterande	Artsavgrensing: Ikkje torsk
AKV212	Vågsøya	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV213	Sandkvia	Framtidig	- Arts-avgrensing: Ikkje torsk. - Utviding av AKV214 - Fortøyingane må ikkje gå inn i trålbart området i tilgrensande område for fiskeri (rekefelt).
AKV214	Sandkvia	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV216	Austneståa	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV219	Marøytåa	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV220	Marøytåa	Framtidig	- Arts-avgrensing: Ikkje torsk - Utviding av AKV219

Delområde 17 - Seljestokken - Haukå - Norddalsfjorden

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV226	Verpevika	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk

Delområde 18 - Rota – Grov – Tonheim – Storebru/Løkkebø

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV215	Klavelandet	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV225	Almbakkevika	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk

Delområde 19 - Nytingnes- Sandvika - Seljeset – Holmesund - Hopen – Barlindbotn - Leirvåg

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV223	Seljeset	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk

Delområde 20 - Stavøy – Høydalsfjorden – Ausevik/Høydalen

Felt namn	Lokalitet	Status	Særskilde føresegner for områda
AKV209	Veiesund	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV221	Sveholmane	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk
AKV224	Ålvåra	Eksisterande	Arts-avgrensing: Ikkje torsk

6.9 Friluftsområde, FV (pbl § 11-7 nr. 6)

Friluftsområda skal tilretteleggast og nyttast til leik, friluftsliv, bading mm. Områda kan utnyttast i samanheng med tilgrensande landareal. Innanfor områda kan det oppførast anlegg som har naturleg tilknytning til, og som fremjar bruken av området i høve til friluftsliv, rekreasjon og fysisk aktivitet.

FV202: PlanID 140120070101 vert vidareført for dette området, men må reviderast i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 12-4 siste ledd før utbygging.

FV204: Området ligg ved utløpet til Storelva. Innfor området kan det gjerast mindre tilrettelegging for bading, men det må takast omsyn til naturmiljøet knytt til elvemunningen.

FV206: PlanID 140120110106 gjeld for dette område etter føresetnadane i punkt 9.19.

6.10 Kombinert formål sjø og vassdrag; (pbl § 11-7 nr. 6)

Generelle føresegner kombinert formål sjø og vassdrag

Dei generelle føresegnene gjeld saman med kap. 2 så langt det ikkje er gjeve særskilte føresegner innafor det enkelte området.

- Føremålet omfattar fylling i sjø, etablering av naust, flytebrygger, fortøyingar til akvakulturanlegg og mellombels ankring.
- Ved oppføring av naust gjeld dei generelle føresegna for naust, jf. punkt 3.10, dersom ikkje anna er oppgjeve i dei særskilte føresegn.
- Konstruksjonar og bygg innfor områda må dimensjonerast for å tole stormflo, bølgepåverknad og forventa havnivåstiging, jf. punkt 2.12 og 8.4.
- Flytebrygger skal ha naturnært fargeval og generelt god estetisk utforming. Kaier og flytebrygger bør utformast med treskjørt.
- Utlekking av flytebrygger og andre anlegg i sjø treng løyve etter hamne- og farvasslova.
- Fortøyingar for akvakultur kan tillatast i vass-søyla utanfor avsett areal til akvakultur dersom desse ligger djupare enn kote minus 10 meter, og ikkje kjem i konflikt med fiske, ferdsel eller farlei. Dette gjeld fortøyingar frå akvakulturanlegg i nabokommunane òg.
- Før utlegging av fortøyingar skal plassering avklarast med Fiskeridirektoratet. Bruk av kitinhemmarar er ikkje tillate i desse områda.

Delområde 10 - Blålid - Okshola - Tennebø - Skavøypollen - Nygård - Grønnevik/Evja

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
VK004	Ja, ved fylling i sjø	Framtidig	- Det kan oppførast inntil 2 nye naust. - Det kan leggjast ut flytebrygge. - Før det kan fyllast i sjø, må området inngå i detaljregulering.

Delområde 12 - Evja/Djupevik -Vemmelsvika - Verpeidet - Falkevik - Almenning - Brunsvik

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
VK007	Nei	Eksisterande	- Det kan oppførast 1 nytt naust. - Naust skal ha saltak med gesimshøgde på maks. 8 meter og med mønehøgde på maks 10 meter. - Det kan leggjast ut flytebrygge.

Delområde 16 - Svanøy

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
VK204	Ja	Framtidig	- Det må utarbeidast detaljregulering for området før utbygging. Området må regulerast saman med NÆ216 og NÆ228. - Området kan nyttast til oppankring.

Delområde 18 - Rota – Grov – Tonheim – Storebru/Løkkebø

Felt namn	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
VK201	Ja	Framtidig	Riggområde i sjø, ankringsområde for sjøtransport og ankring/opplagsområder til understell til havvindturbiner.
VK202	Ja	Framtidig	Ankring/opplagsområder til understell til havvindturbiner.
VK203	Ja	Framtidig	Ankring/opplagsområder til ferdigstilte havvindturbiner og ventemerder.

7 TURVEGAR

Generelle føresegner turvegar

- Før etablering av turvegar skal det dokumenterast at valt trasé gjev minst terrenginngrep og at trasé ikkje har negativ verknad for kantvegetasjon, myr eller raudlista artar.
- Turvegar skal ikkje overstige breidd på over 1,5 meter og ha god drenering.
- For etablering av turvegar skal ein nytte naturlege og fortrinnsvis lokale material. Ein skal nytte stein, treverk eller grus.
- Det kan gjerast unntak for traséføring og breidd når det kan dokumenterast at terrengendringa eller breidda gjev vesentleg betre universell tilgjenge for heile traséen. Unntaket kan ikkje sette omsyn til naturverdiar i punkt 8.a til sides.
- Der turvegen må krysse vassdrag, våtmark eller myr skal det dokumenterast at valt løysing møter tryggleikskrav til flaum og at dei ikkje endrar hydrologien i området.

8 VEGTRASEAR

Generelle føresegner vegtrasé

- Vegtraséar omfamnar køyreveg samt gang -og sykkelveg. Trasèane på plankartet er retningsgjevande. Endeleg trasèvalg og arealbehov skal avklarast gjennom detaljreguleringsplan.
- Ved opparbeiding eller utbetring av eksisterande vegtraséar skal vegnormalen i handbok N100 leggest til grunn.

9 OMSYNSSONER (PBL § 11-8)

9.1 Sikringssone drikkevatn H110 (pbl § 11-8a)

Innafor sikringssone for drikkevatn er følgjande aktivitetar i strid med føremålet for det einskilde område:

Kvalheim H110_1

- Etablering av industri eller turistetablisement.
- Deponering av avfall, også jaktavfall, eller lagring av kjemikalier, herunder olje og oljeprodukt.

- c) Droneflyging utan særskilt løyve frå kommunen.
- d) Nydyrking.
- e) Bruk av kunst- og naturgjødsel. I samband med evt. skogplanting er det tillate å nytte inntil 15 g. fullgjødsel pr. år i dei fem første åra etter nyplanting.
- f) Tilrettelegging for beite.
- g) Bruk av plantevernmidlar.

Rystestølsvatnet - Raudeberg H110_2

- a) Oppføring av nye bygg.
- b) Etablering av industri eller turistetablisement.
- c) Deponering av avfall også jaktavfall eller lagring av kjemikalier, herunder olje og oljeprodukt.
- d) Nydyrking.
- e) Bruk av kunst- og naturgjødsel. I samband med evt. skogplanting er det tillate å nytte inntil 15 g. fullgjødsel pr. år i dei fem første åra etter nyplanting.
- f) Gjødsling av vatn for fiskeoppdrett.
- g) Bruk av båt på vatnet eller motordrevne køyretøy på isen.
Likevel er det tillate bruk av båt for naudsynt drift av vassverket og av grunneigarane i samband med utøving av eigen jakt- og fiskerett.
- h) Droneflyging utan særskilt løyve frå kommunen.
- i) Bading.
- j) Fiske for andre enn grunneigarane.
- k) Leirslagning nærare vatnet ved H.R.V. enn 100 meter, samt organisert leirslagning i heile nedbørsfeltet.
- l) Tilrettelegging for beite.
- m) Bruk av plantevernmidlar.

Bergavatnet – Vågsvåg - H110_3:

- a) Oppføring av nye bygg.
- b) Etablering av industri eller turistetablisement.
- c) Deponering av avfall, lagring av kjemikalier, herunder olje og oljeprodukt.
- d) Nydyrking.
- e) Bruk av kunst- og naturgjødsel. I samband med evt. skogplanting er det tillate å nytte inntil 15 g. fullgjødsel pr. år i dei fem første åra etter nyplanting.
- f) Gjødsling av vatn for fiskeoppdrett.
- g) Bruk av båt på vatnet eller motordrevne køyretøy på isen.
Likevel er det tillate bruk av båt for naudsynt drift av vassverket og av grunneigarane i samband med utøving av eigen jakt- og fiskerett.
- h) Droneflyging utan særskilt løyve frå kommunen.
- i) Bading.
- j) Fiske for andre enn grunneigarane.
- k) Leirslagning nærare vatnet ved H.R.V. enn 100 meter, samt organisert leirslagning i heile nedbørsfeltet.
- l) Tilrettelegging for beite.
- m) Bruk av plantevernmidlar.

Skramsvatnet – Måløy - H110_4

- a) Oppføring av nye bygg.
- b) Etablering av industri eller turistetablisement.
- c) Deponering av avfall og jaktavfall eller lagring av kjemikalier, herunder olje og oljeprodukt.
- d) Nydyrking.

- e) Bruk av kunst- og naturgjødning. I samband med evt. skogplanting er det tillate å nytte inntil 15 g. fullgjødning pr. år i dei fem første åra etter nyplanting.
- f) Gjødning av vatn for fiskeoppdrett.
- g) Bruk av motordrevne båt på vatnet eller motordrevne kjøretøy.
Likevel er det tillate bruk av båt og motordrevne kjøretøy for naudsynt drift av vassverket og turstinettet, samt av grunneigarane i samband med utøving av eigen jakt- og fiskerett.
- h) Droneflyging utan særskilt løyve frå kommunen.
- i) Bading.
- j) Leirslagning nærare vatnet ved H.R.V. enn 100 meter, samt organisert leirslagning i heile nedbørsfeltet.
- k) Tilrettelegging for beite.
- l) Bruk av plantevernmidlar.

Nygårdsvatnet/Hornvatnet/Storevatnet - Deknepollen-Nygård H110_5

- a) Oppføring av nye bygg.
- b) Etablering av industri eller turistetablisement.
- c) Deponering av avfall, lagring av kjemikalier, herunder olje og oljeprodukt.
- d) Nydyrking.
- e) Bruk av kunst- og naturgjødning. I samband med evt. skogplanting er det tillate å nytte inntil 15 g. fullgjødning pr. år i dei fem første åra etter nyplanting.
- f) Gjødning av vatn for fiskeoppdrett.
- g) Bruk av båt på vatnet eller motordrevne kjøretøy på isen.
Likevel er det tillate bruk av båt for naudsynt drift av vassverket og av grunneigarane i samband med utøving av eigen jakt- og fiskerett.
- h) Droneflyging utan særskilt løyve frå kommunen.
- i) Bading.
- j) Fiske for andre enn grunneigarane.
- k) Leirslagning nærare vatnet ved H.R.V. enn 100 meter, samt organisert leirslagning i heile nedbørsfeltet.
- l) Tilrettelegging for beite.
- m) Bruk av plantevernmidlar.

Almenning H110_6

- a) Oppføring av nye bygg.
- b) Etablering av industri eller turistetablisement.
- c) Deponering av avfall, lagring av kjemikalier, herunder olje og oljeprodukt.
- d) Droneflyging utan særskilt løyve frå kommunen.
- e) Nydyrking.
- f) Bruk av kunstgjødning. I samband med evt. skogplanting er det tillate å nytte inntil 15 g. fullgjødning pr. år i dei fem første åra etter nyplanting.
- g) Bading.
- h) Bruk av plantevernmidlar.

Saga H110_7 :

- a) Oppføring av nye bygg.
- b) Etablering av industri eller turistetablisement.
- c) Deponering av avfall, også jaktavfall, eller lagring av kjemikalier, herunder olje og oljeprodukt.
- d) Nydyrking.
- e) Bruk av kunst- og naturgjødning. I samband med evt. skogplanting er det tillate å nytte inntil 15 g. fullgjødning pr. år i dei fem første åra etter nyplanting.
- f) Gjødning av vatn for fiskeoppdrett.

- g) Bruk av båt på vatnet eller motordrevne køyretøy på isen.
Likevel er det tillate bruk av båt for naudsynt drift av vassverket og av grunneigarane i samband med utøving av eigen jakt- og fiskerett.
- h) Droneflyging utan særskilt løyve frå kommunen.
- i) Bading.
- j) Fiske for andre enn grunneigarane.
- k) Leirslagning nærare vatnet ved H.R.V. enn 100 meter, samt organisert leirslagning i heile nedbørsfeltet.
- l) Tilrettelegging for beite.
- m) Bruk av plantevernmidlar.

Keipevatnet H110_8

- a) Oppføring av nye bygg.
- b) Etablering av industri eller turistetablisement.
- c) Deponering av avfall, òg jaktavfall, eller lagring av kjemikalier, herunder olje og oljeprodukt.
- d) Nydyrking.
- e) Bruk av kunst- og naturgjødsel. I samband med evt. skogplanting er det tillate å nytte inntil 15 g. fullgjødsel pr. år i dei fem første åra etter nyplanting.
- f) Gjødsling av vatn for fiskeoppdrett.
- g) Bruk av båt på vatnet eller motordrevne køyretøy på isen.
- h) Likevel er det tillate bruk av båt for naudsynt drift av vassverket og av grunneigarane i samband med utøving av eigen jakt- og fiskerett.
- i) Droneflyging utan særskilt løyve frå kommunen.
- j) Bading.
- k) Fiske for andre enn grunneigarane.
- l) Leirslagning nærare vatnet ved H.R.V. enn 100 meter, samt organisert leirslagning i heile nedbørsfeltet.
- m) Tilrettelegging for beite.
- n) Bruk av plantevernmidlar.

Vassbotnevatnet H110_9

- a) Oppføring av nye bygg.
- b) Etablering av industri eller turistetablisement.
- c) Deponering av avfall, også jaktavfall, eller lagring av kjemikalier, herunder olje og oljeprodukt.
- d) Nydyrking.
- e) Bruk av kunst- og naturgjødsel. I samband med evt. skogplanting er det tillate å nytte inntil 15 g. fullgjødsel pr. år i dei fem første åra etter nyplanting.
- f) Gjødsling av vatn for fiskeoppdrett.
- g) Bruk av båt på vatnet eller motordrevne køyretøy på isen.
Likevel er det tillate bruk av båt for naudsynt drift av vassverket og av grunneigarane i samband med utøving av eigen jakt- og fiskerett.
- h) Droneflyging utan særskilt løyve frå kommunen.
- i) Bading.
- j) Fiske for andre enn grunneigarane.
- k) Leirslagning nærare vatnet ved H.R.V. enn 100 meter, samt organisert leirslagning i heile nedbørsfeltet.
- l) Bruk av plantevernmidlar.

Sagevatnet H110_10

- a) Etablering av industri eller turistetablisement.
- b) Deponering av avfall, også jaktavfall, eller lagring av kjemikalier, herunder olje og oljeprodukt.

- c) Gjødsling av vatn for fiskeoppdrett.
- d) Bruk av motordreven båt på vatnet eller motordrevne køyretøy på isen.
Likevel er det tillate bruk av båt for naudsynt drift av vassverket og av grunneigarane.
- e) Droneflyging utan særskilt løyve frå kommunen.
- f) Bading.
- g) Fiske for andre enn grunneigarane.
- h) Leirslagning nærare vatnet ved H.R.V. enn 100 meter, samt organisert leirslagning i heile nedbørsfeltet.

9.2 H190-1 og 2

- a. Sone H190_1 er byggerestriksjonsflater rundt flynavigasjonsanlegg. Alle søknader om etablering av nye tiltak innanfor denne sona som treng gjennom byggerestriksjonsflater rundt flynavigasjonsanlegget ved Florø lufthamn vist med koter (raude streksymbol) på Avinors teikning ENFL-P-09, skal godkjennast radioteknisk av Avinor.
- b. H190_2 er byggerestriksjonssone for lufthamna. Innanfor sona gjeld dei høgderestriksjonar som er angitt med koter (svarte streksymboler) på gjeldande restriksjonsplan for Florø lufthamn, Avinors teikning ENFL-P-08. For områder mellom dei viste koter, skal høgderestriksjonen bereknast gjennom interpolasjon. Innanfor omsynssona kan det ikkje etablerast tiltak som overstig høgderestriksjonane som vist på plankartet. Vegetasjon skal haldast under hinderflatene, og naudsynt fjerning av vegetasjon vil bli gjennomført av Avinor.
- c. Alle nye reguleringsplanar innanfor omsynssonene skal innarbeide høgderestriksjonane i form av eigne omsynssoner på reguleringsplanane. Alternativt må det i nye reguleringsplanar lagast føresegner med maksimal tillaten byggehøgde (mønehøgde) på tiltak som ikkje overstig høgderestriksjonane i restriksjonsplanen ENFL-P-08 for lufthamna.
- d. Dersom det skal nyttast byggekrantar som bryt høgderestriksjonane i restriksjonsplanen, skal Avinor Florø lufthamn varslast og godkjenne desse på førehand.
- e. Avinor skal høyrast ved søknad om tiltak som endrar lyssettinga rundt lufthamna og som kan ha innverknad på tryggleiken for lufttrafikken.

9.3 Støysone H210 , H220 (pbl § 11-8a)

- For støysone gjeld punkt 2.15 i føresegnene.
- H210_ er støy frå vegtrafikk – raud støysone.
 - H220_1 er støy frå vegtrafikk – gul støysone.
 - H220_2 er støy frå flyplass– gul støysone.

9.4 Rasfare H310 (pbl § 11-8a)

Omsynssona gjeld områder med skred- og rasfare. Innafor områder med naturfare er det ikkje lov å plassere FAST-anlegg og storulykkeverksemdar.

- 1. H310_1 er omsynssone for steinsprang, snøskred, jord- og flaumskred der reell fare ikkje er kartlagd.
 - a) Dersom tiltaket ligg innanfor aktsemdområde for steinsprang, og/eller jord- og flaumskred, må fagkyndige vurdere om tryggleiken mot skred er tilstrekkeleg i høve til krava i TEK17 § 7-3.
 - b) Dersom tiltaket ligg innanfor aktsemdområde for snøskred S3 2023, men utanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred og aktsemdområde for steinsprang, gjeld følgjande:
 - For tiltak etter TEK17 § 7-3, 1. ledd og tryggleiksklasse S3 må fagkyndige avklare om skredfaren er reell.

- For tiltak i tryggleiksklasse S2 kan skal aktsemdkart for snøskred S2 utan skogeffekt konsulterast.
 - Dersom tiltaket ligg utanfor aktsemdområdet snøskred S2 utan skogeffekt er tryggleiken tilstrekkeleg og skredfaren avklart.
 - Dersom S2 tiltaket ligg innanfor aktsemdområdet snøskred S2 utan skogeffekt må fagkyndige kartlegge skredfaren som om skogen ikkje er til stades, og om naudsynt dokumentere tilstrekkeleg tryggleik ved bruk av risikoreduserande tiltak.
- c) For tiltak i tryggleiksklasse S1 kan skal aktsemdkart for snøskred S2 med skogeffekt konsulterast.
 - Dersom tiltaket ligg utanfor aktsemdområdet kan, tiltaket gjennomførast utan grep som sikrar at skogen sin skredførebyggande effekt blir teken vare på
 - Dersom tiltaket ligg innanfor aktsemdområdet må fagkyndige kartlegge skredfaren, og om naudsynt dokumentere tilstrekkeleg tryggleik ved bruk av risikoreduserande tiltak.
- 2. Fagkyndig kartlegging av skredfare i bratt terreng skal skje i samsvar med NVE sin «Veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng».
- 3. H310_2 er aktsemdsområde i Måløy-delen der et er gjort faresonekartlegging i 2017 for delar av området. I denne sona skal skredfaresonene i rapporten Skredfarekartlegging i Vågsøy leggjast til grunn. Evt. ras-sikringstiltak innafor faresonene skal detaljprosjekterast av geolog/geoteknikar med kompetanse innan skredfare og ras-sikringstiltak. Naudsynte sikringstiltak skal vere gjennomført før området kan takast i bruk.

Følgjande føresegner gjeld for dei ulike sonene:

 - Område med rasfare $>1/100$. Innanfor området denne sona kan det ikkje setjast i verk byggetiltak med krav til tryggleiksklasse S1-3 utan at det vert gjennomført rassikringstiltak.
 - Område med rasfare $>1/1000$ per år tilsvarar tryggleiksklasse S1 i § 7-3 i TEK. Krav i § 7-3 skal følgjast, og det kan ikkje oppførast byggverk som ligg i høgare tryggleiksklassar utan at det er gjennomført tiltak for rassikring.
 - Område med rasfare $>1/5000$ tilsvarar tryggleiksklasse S2 i § 7-3 i TEK. Krav i § 7-3 må følgjast og det kan ikkje oppførast byggverk som ligg i høgare tryggleiksklassar utan at det er gjennomført tiltak for rassikring.
- 4. H310_3 omsynssone for kvikkleire
 - a) Innafor desse områda skal det i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om tiltak gjennomførast kartlegging og vurdering av stabilitet i grunnen. Kartlegging og vurdering skal utførast av fagkunnig, og eventuelle naudsynte sikringstiltak skal vere gjennomført før området kan takast i bruk, jf. TEK 17 § 7-3.

9.5 Flaumfare H320 (pbl § 11-8 a)

Omsynssona gjeld områder med havnivåstigning med stormflo og bølgepåverknad og flaum i vassdrag. Innafor områder med naturfare er det ikkje lov å plassere FAST-anlegg og storulykkeverksemdar. For omsynssona gjeld føresegnene punkt 2.11 for flaum.

H320_1- Indre/skjerma områder (Vågsøya Aust nord for Måløybrua til Skongsneset fyr, samt fastlandet) – kote 3,2

H320_2, Ytre/vêrutsette områder (Vågsøya Vest frå sør for Måløybrua og til Skongsneset fyr, samt øyane) – kote 4,2

H320_3 Florø-delen - Indre/skjerma områder (Heile planområdet unntatt øyane) Kote 3,0 m

H320_4 Florø-delen - ytre/vêrutsette områder (øyane) Kote 3,6 m

H320_5 flaum i vassdrag Måløy-delen

H320_6 flaum i vassdrag Florø-delen

9.6 Omsynssone skytebane H360 (pbl § 11-8 a)

Innfor omsynssone for skytebane kan det drivast med aktivitetar og oppførast anlegg knytt til skytebaneanlegga, eller andre fritidsaktivitetar, føresett at bana sin tryggleik ikkje vert berørt.

9.7 Omsynssone H390_Nedlagte skytebaner

Omsynssona gjeld område der det tidlegare har vore skytebaner. Dersom det vert aktuelt med tiltak innafor områda som krev grunnarbeid gjeld krav i forureiningsforskrifta kap2.

9.8 Omsynssone landbruk H510 (pbl § 11-8 c)

Retningslinje:

Omsynssonene omfattar område som er vurdert som kjerneområde for landbruk. I desse områda bør landbruksverksemd og kulturlandskap prioriterast i eit langsiktig perspektiv, og landbruksinteressene bør vektleggjast ved handsaming av søknad om tiltak i områda. Innanfor sona bør ikkje tillatast tiltak som kan forringe eller føre til driftsulemper for landbruket.

9.9 Omsynssone friluftsliv H530 (pbl § 11-8 c)

Retningslinje:

Omsynssonene omfattar område som har særleg verdi for friluftsliv. I desse områda bør landskaps- og friluftslivsinteressene prioriterast og vektleggjast ved handsaming av søknad om tiltak i områda. Innanfor sona bør ikkje tillatast tiltak som kan hindre tilgang til og bruk av området til friluftsliv, eller redusere eksisterande tilstand, kvalitet og opplevingsverdi på anna vis.

9.10 Omsyn grøntstruktur H540 (pbl § 11-8 c)

Retningslinje:

Omsynsona sitt føremål er å vareta viktige snarvegar, vist med H540_1 og viktige områder for lek og uteopphald for born/unge, vist med H540_2. I desse områda bør det ikkje gjerast tiltak som reduserer bruksverdien. Innfor omsynssona kan det setjast i verk tiltak som styrkjar føremålet (utbetring av stiane og opparbeiding og opprusting av leikeplassar mm).

9.11 Omsynssone landskap H550 (pbl § 11-8 c)

Retningslinje:

Omsynsona sitt føremål er å ivareta verdifulle kulturlandskap. Innafor omsynssonene bør ikkje kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, steinsatte bekkelar o.a. fjernast eller forfalle. Det bør ikkje gjerast planering, graving eller fylling som endrar landskapskarakteren eller i nemnande grad terrengprofilen. Eksisterande hytter, naust og uthus bør haldast ved like, utan vesentleg endring i materialbruk eller storleik. Bruk, tilkomst og tekniske løysingar bør underordne seg omsyna som ligg til grunn for soneføremålet.

9.12 Omsynssone naturmiljø H560 (pbl § 11-8 c).

Retningslinje:

Omsynssonene omfattar område som har særleg verdi for naturmiljø og biologisk mangfald, inklusive gyteområde for fisk. I desse områda bør langsiktig vern av det biologiske mangfaldet prioriterast og vektleggjast ved handsaming av søknad om tiltak i områda . Innanfor sonene bør

det som hovudregel ikkje gjerast inngrep. Dersom inngrep likevel vert vurdert, bør konsekvensane av tiltaket og framlegg til eventuelle avbøtande tiltak gjerast greie for.

9.13 Bevaring av kulturmiljø H570 (pbl § 11-8 c)

Retningslinje:

Omsynssone kulturmiljø er vist med H570_1 i Måløydelen og med H570_2 i Florødelen. I desse områda bør kulturminneverdiane prioriterast og vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak i områda. Føreslåtte tiltak bør fremje vern av kulturminnet eller kulturmiljøet. Tiltak bør lokalisert og utformast slik at dei underordnar seg eller byggjer opp om eksisterande kulturmiljø og kulturlandskap. Det bør ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne, forstyrrar heilskapen i kulturmiljøet eller kulturlandskapet eller reduserer eksisterande kvalitet og opplevingsverdi.

9.14 Bandlagt etter naturvernlova H720 (pbl § 11-8 d)

Omsynssonene omfattar område som er verna etter naturvernlova/naturmangfaldlova som naturreservat. Tiltak i omsynssonene skal ikkje vere i strid med gjeldande verneforskrifter for områda.

9.15 Bandlagt etter kulturminnelova H730 (pbl § 11-8 d)

- a. Automatisk freda kulturminne vist som omsynssone d) (SOSI-kode H730) er bandlagt etter Kulturminnelova. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Ein eventuell søknad om løyve til inngrep i et automatisk freda kulturminne eller inngrep som kan ha verknad på kulturminna, skal sendast til fylkeskommunen i god tid før arbeidet er planlagt igangsett.
- b. Mellomalderkyrkjestadane Kinn og Svanøy er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegardane er gravlegging berre tillate i graver som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Graver som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.
- c. Kinn kyrkje og mellomalder-gravplass er automatisk freda. Det er ikkje tillate å iverksette tiltak som kan verke inn på den automatisk freda kyrkja og gravplassen med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Saker som gjeld Kinn kyrkje skal handsamast av Riksantikvarens omfattar vedtak etter kulturminnelova. Alle tiltak innanfor kyrkjestaden skal vurderast av kulturmiljøforvaltninga opp mot føresegnene i kulturminnelova. Ved all planlegging av tiltak i kyrkja sine omgjevnader skal det takast omsyn til kyrkja si plassering og verknad i landskapet.
- d. Helleristningsfeltet i Ausevik er tilrettelagt for besøkande. Det er ikkje tillate med tiltak som påverkar kulturminne.
- e. Molo på Silda (MO002 og MO003) er i aktivt bruk. Det er ikkje tillate med tiltak som påverkar kulturminne.

9.16 Bandlagt etter anna lovverk-H740 (pbl § 11-8 d)

Gjeld for følgjande innarbeidd i denne plan:

- a. H740_1: Høgspenningsanlegg. Etter råd frå NVE er det berre sentral- og regionalnett slik det er vist i NVE sin kartløyving som har fått bandleggingssone i kartet. Det er lagt ein 30m-50m buffer ut frå senterline på regionalnettet. Lokale liner er vist som line i kartet.

- b. 740_2: Verna vassdrag: Gjeld Solheimvassdraget og ein mindre del av Nausta som ligg innanfor Kinn kommune. Innafor desse bandleggingssonene er det ikkje lov å setje i verk tiltak som fører til endringa av landskapet, endrar vasstrengen sitt naturleg løp, eller på anna måte påverkar vassdraget. Ved søknad om tiltak i samsvar med arealføremålet i kommuneplanen i nærleiken av vassdraget må det leggst ved dokumentasjon som viser korleis det er teke omsyn til vassdraget.
- c. 740_3: Bandlagt for forsvaret. Gjeld felt på Kråkenes.
- d. 740_4: Vindkraftanlegg. Gjeld areal for Guleslettene og Medhuken vindkraftanlegg, i samsvar med konsesjon.

9.17 Krav om felles planlegging, H810 (pbl § 11-8 e)

- a. Innafor omsynssona i Stavang er det krav om felles planlegging for heile Stavang sentrum. Det skal leggjast vekt på ei heilskapleg utvikling av området, slik at senterfunksjonen til Stavang vert styrkja. Planlegginga må leggje vekt på god landskapstilpassing slik at Stavang sin eigenart vert teke i vare og at vert vektlagt utvikling av areal tilgjengeleg for ålmenta/ publikum.
- b. Innafor omsynssona i Øvre Skram i Måløy er det krav om felles planlegging for del av bustadfelt B034 langs Gate 6 og opp mot Skramslia. Planlegginga må leggje vekt på god landskapstilpassing. Sjå og pkt. 3.2
- c. Innafor omsynssona i Indre Kulen er det krav om felles planlegging av kombinert byggeformål KBA010. Planlegginga skal avklare tilkomst. Sjå og pkt. 3.11.
- d. Innafor omsynssona i Grønevik er det krav om felles planlegging for bustadfelt B060 og SH016, samt ny gangtilkomst over Straumen. Planlegginga må leggje vekt på god landskapstilpassing, der landskapet sin karakter skal takast vare på, og utbygging skal underordnast naturlege landskapsformar. Sjå og pkt. 3.2

9.18 Reguleringsplan skal framleis gjelde H910 (pbl § 11-8 f)

Følgjande reguleringsplanar (plankart og føresegner) skal framleis gjelde, jf. punkt 1.2. d.

Måløy del

PlanID	Plan namn
1439201202	Detaljreguleringsplan for Barstadvika Industriområde Gbnr. 119369
1439201203	Detaljreguleringsplan for del av Kulahammaren
1439201204	Detaljreguleringsplan for Domsteinbuda, gbnr 116/80 og 488
1439201302	Detaljreguleringsplan for fortau frå RV15 mot Øvre Okshola, Gbnr. 108/127 m.fl.
1439201304	Detaljreguleringsplan for Hagevik tønnefabrikk
1439201306	Reguleringsendring for Risøy sydsida, kai på vestsida
1439201401	Detaljreguleringsplan for Skippargata i Hatlevik
1439201403	Detaljregulering for Vikja Brygge
1439201506	Detaljregulering for Djupevika industriområde
1439201601	Detaljregulering for kulturhus, næring og kontor på gbnr: 119/15, 119/25, 119/218, 119/320 og 119/435 på Raudeberg
1439201604	Områderegulering for masseuttak og næringsareal på Almenningsfjellet
1439201704	Mindre endring av Reguleringsplan for Måløy, gbnr. 115/18, 62, 229, Skramsgården
1439201706	Mindre endring av Reguleringsplan for Almenningen, gbnr. 152/3
1439201801	Reguleringsplan for Bu- og omsorgssenter på Kulen
1439201803	Mindre endring av Reguleringsplan for Tennebø, tilkomst til Måløy vgs
20200121	Privat detaljregulering for Deknepollen - Solvang, gbnr. 304/17 og 84, næring/bustad.

20200106	Privat detaljreguleringsplan for Domstein AS, Gnr./Bnr. 319/1 m.fl, næring
20200103	Detaljreguleringsplan for Gate 2 - Gate 4, Gottebergselva, gangveg
20200101	Privat detaljplan for Middagshaugen - gbnr.293/1 - masseuttak
20210101	Detaljregulering for Skram, gbnr. 316/77 m.fl, offentlig formål og bustad
20210113	Privat detaljregulering for Almenningen, gbnr. 352/7 m.fl, næring
20200114	Detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr 353/15 m.fl., veg
20210112	Privat detaljregulering for Skårastranda, gbnr. 318/2 mfl., næring
20220101	Privat detaljregulering "sentrumstomta" i Måløy, gbnr 315/299 mfl, sentrumsformål

Florø del	
PlanID	Plannamn
140119900101	Færøykalven, Gbnr.27/11, Hytteområde
140119940107	Vevlingen - Nesheim, Gbnr. 33/75, Hytter
140120020104	Kvalvik - Grov Rv 5
140120020105	Storebru - Knapstad Rv 5
140120040107	Grovastøylen, Gbnr.83/2 m.fl, Skytebaneanlegg
140120050104	Seljestokken, Gbnr. 6/1, 121/2 mfl., Steinbrot..
140120050108	Svanøy, Marøysundet, gbnr. 117/4, Hytter
140120060107	Barlindbotn, gbnr. 72/5, Hytter
140120090102	Privat detaljreguleringsplan - Nordalsfjord, GBnr. 75/5, Hytte/ bustad.
140120100102	Privat detaljreguleringsplan - Stavang - Jerdeneset, GBnr. 98/1, Hytter
140120100105	Privat detaljreguleringsplan - Hopen, Gbnr.88/3, Bustad.
140120110108	Detaljreguleringsplan - Strømsneskrysset, FV 614 og 544, Busslomme
140120110119	Privat detaljreguleringsplan - Grov, Deler av GBnr. 83/3 og 83/5-1, Motorsport
140120130105	Privat detaljreguleringsplan - Gbnr.106/3, næring/camping
140120150107	Privat detaljreguleringsplan - Stavøy, gbnr 21/2, hytte.
140120160103	Privat detaljreguleringsplan - Naustholmen, GBnr. 27/86, Industri/næring.
140120160106	Privat detaljreguleringsplan - Stavang, del av GBnr 98/11, hytter.
140120170101	Privat detaljreguleringsplan - Skorpa - Joneset, Gbnr 37/7, Hytter/veg/ferjekai
140120190104	Privat detaljreguleringsplan for Haukå, Gbnr. 15/1 mfl., næring/akvakultur
20210105	Privat detaljregulering for Haukå II, del av gbnr. 15/1 m.fl, Akvakultur
20200110	Privat detaljreguleringsplan - Steinvik Fiskefarm, gbnr 88/7 mfl - akvakultur/visningssenter
20200109	Privat detaljregulering for Eikevik, Stavøy, gbnr 93/1 mfl., fritidsbustad
20200102	Privat detaljregulering for Øyra, Nordalsfjord gbnr 76/3, fritidsbustad/utleige
20200108	Privat detaljregulering for Olav Sindreson vegen 1 , gbnr 26/49 mfl, bustad/veg
20200119	Detaljregulering for Hans Blomgate 30-44, gbnr 202/174 m.fl, offentlig formål
20200120	Privat detaljregulering for Tømmervelta, gbnr 23/314, bustader
20210104	Privat detaljregulering for Gaddevegen, gbnr. 202/341, 521 og 662, Bustad
20210106	Privat detaljregulering for Evja, gbnr. 202/482, Næring
20210110	Privat detaljregulering for del av Kvartal 36, gbnr 202/4 og 81, bustad/ næring

20220108	Privat detaljregulering for Gunhildvågen, gbnr 27/27 mfl.industri og veg
----------	--

9.19 Reguleringsplanar som vert vidareført saman med føresegnene i kommuneplanen

Andre planar som skal gjelde med endringar kor planane delvis erstattast av ny reguleringsplan, eller i tråd med nye føringar i kommuneplanen. Dersom det er motstrid mellom føresegner og plankart i reguleringsplan og ny kommuneplan, skal kommuneplanen leggjast til grunn.

Måløy del	
PlanID	Plan namn
1439199904	Reguleringsplan for Mehuken vindkraftverk
1439200402	Reguleringsplan for Vågen
1439201006	Reguleringsplan for utviding av Industriområde på Kapellneset
1439200703	Reguleringsplan Mehuken vindpark - trinn 2
1439201504	Detaljregulering for næringsvirksomhet på gnr. 119 bnr.443 og 446 på Kapellneset

Florø del	
PlanID	Plannamn
140120060120	Vevlingen, gbnr. 33/130 mfl (tidl. 33/6), Hytte, endring
140120070101	Stavang, Hellevika, gbnr. 97/1, Camping, hytte, bustad
140120100103	Privat detaljreguleringsplan - Bjørnset, GBnr.81/5 og 37, Massetak - bakkeplanering
140120110106	Områdereguleringsplan - Florelandet nord, Næring.
140120130108	Privat detaljreguleringsplan - Klavelandet/ Bjørnset/ Helgøya, GBnr. 81/1, 80/ 2, del av GBnr. 80/4 m.fl.